



Sakshefte
Noregs Mållag
Landsmøte
1.–3. april 2022

Innhald:

Praktisk informasjon	side 4
Framlegg til sakliste	side 5
SAK 1 Opning og konstituering	side 7
SAK 2 Leiartalen	side 11
SAK 3 Ungdomens tale	side 12
SAK 4 Årsmelding 2020–2022	side 13
SAK 5 Rekneskapar for 2020 og 2021	side 14
SAK 6 Fråsegner	side 15
SAK 7 Vilkåra for nynorskelevane i skulen	side 18
SAK 8 Nytt prinsippprogram for Noregs Mållag	side 19
SAK 9 Økonomi	side 27
SAK 10 Arbeidsprogram for 2022–2026	side 34
SAK 11 Innkomne framlegg	side 44
SAK 12 Val	side 46
Vedlegg	
Lov for Noregs Mållag	side 51
Vedtak om Trygge møteplassar i Noregs Mållag	side 55

Praktisk informasjon

Skrivarstova er på landsmøtehotellet frå onsdag 30. mars, og de kan nå oss her:

Gro Morken Endresen 957 85 560 eller gro.morken@nm.no

Erik Grov, 472 49 718 eller erik.grov@nm.no

Hege Lothe, 926 48 348 eller hege.lothe@nm.no

Ingar Arnøy, 975 29 700 eller ingar.arnoy@nm.no

Anita Grønningsæter Digernes, 466 14 138 eller anita.digernes@nm.no

Per Henning Arntsen, 952 93 289 eller per.arntsen@nm.no

Marit Aakre Tennø, 454 71 716 eller marit.tenno@nm.no

Møtestad og overnatting

Landsmøtehotellet er Scandic Oslo Airport, Ravinevegen 15, Gardermoen. Det er ikkje planlagt turar andre stader, så alt av både møte, måltid og kulturtilbod vil gå føre seg på hotellet.

Korleis kjem du deg til hotellet

Det går shuttlebuss frå Gardermoen til hotellet kvart 15. minutt. Du kan kjøpa billett på vy.no eller på automat på haldeplassen. Bussen går frå nedre plan på flyplassen.

Smittevern

I skrivande stund er det ikkje spesielle restriksjonar som skal fylgjast. Skulle det endra seg fram mot landsmøtet, legg me sjølv sagt opp møtet i tråd med situasjonen. Me har god tru på at me kjem langt med handsprit og sunn fornuft. Me kjem til å ha hurtigtestar tilgjengeleg, om nokon skulle få bruk for det.

Framlegg til sakliste:

TORS DAG 31. MARS		
18.00->		Innsjekking på Scandic Oslo Airport
18.00– 21.00		I dette tidsrommet serverer hotellet middagsbuffet som er inkludert i heilpensjonen for alle som har overnatting frå torsdag.
21.00		Formøte - eitt for kvinner og eitt for menn - møta vert leia av leiar Peder Lofnes Hauge og nestleiar Synnøve Marie Sætre
FREDAG 1. APRIL		
09.00	1	Opning og konstituering
		- kulturelt innslag - velkomen og opning ved leiar Peder Lofnes Hauge
09.50		Utdeling av litteraturprisar for 2021
10.10	2	Leiartalen v/ Peder Lofnes Hauge
10.35	3	Ungdomens tale v/ Frida Pernille Mikkelsen
10.45		Ordskifte
11.10		Kaffipause
11.30		Godkjenning av fullmakter v/ leiaren av fullmaktsnemnda
11.35	4	Årsmelding 2020–2022 v/ styremedlem Anders Riise - diskusjon og vedtak
12.20	5	Rekneskapar 2020 og 2021 v/ Gro Morken Endresen - diskusjon og vedtak
12.45	6	Fråsegner v/ leiaren for redaksjonsnemnda
13.00		Lunsj
14.00	7	Vilkåra for nynorskelevane i skulen v/ kunnskapsminister Tonje Brenna
14.40	8	Nytt prinsippprogram for Noregs Mållag v/ styremedlem Inger Johanne Sæterbakk og Per Magnus Finnanger Sandsmark, direktør for Nynorsk kultursentrum
15.40		Prinsippprogram - gruppeordskifte
16.15		Kaffipause
16.35		Prinsippprogram - plenumsordskifte
18.20	9	Budsjett 2023 og 2024, medlemspengar 2024 og 2025 v/ Gro M. Endresen
19.00		Slutt for dagen
20.00		Minikonsert med Frida Ånnevik
20.30		Middagsbuffet i restauranten

		LAURDAG 2. APRIL
09.00		<i>Opplesing - Arnfinn Kolerud</i>
09.10	10	Arbeidsprogram 2022–2026 v/ nestleiar Synnøve Marie Sætre
09.40		Gruppeordskifte
10.40		Kaffipause
11.10		<i>Opplesing - Arnfinn Kolerud</i>
11.20		Plenumsordskifte
13.00		Lunsj
14.00		<i>Opplesing - Arnfinn Kolerud</i>
14.10	6	Fråsegner v/ nemndsleiar og framleggsstillarar
15.50		Kaffipause
16.10		<i>Opplesing - Arnfinn Kolerud</i>
16.20	8	Vedtak prinsippprogram
16.50	11	Innkomne framlegg v/ framleggsstillar A Kartlegging og utgreiing av personalressursar - frå Hordaland Mållag
17.30		Slutt for dagen
20.00		Festmiddag på hotellet
		SUNDAG 3. APRIL
09.30	6	Fråsegner - diskusjon og vedtak
10.40		Kaffipause
11.10	10	Vedtak arbeidsprogram
12.30	9	Vedtak budsjett
12.45	11	Vedtak innkomne framlegg
12.50		Presentasjon av næringslivsarbeidet til Ørsta Mållag
13.00		Lunsj
13.50	6	Vedtak siste fråsegner
14.10	12	Val v/ valnemndsleiar Helen Johannessen og styreleiar Peder Lofnes Hauge
14.55		Avslutning og heving av møtet

Sak 1 Opning og konstituering

Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

1.1 Godkjenning av innkalling

Fyrste innkalling vart sendt ut 10. desember, både elektronisk og på papir. Innkalling med sakspapir vart sendt ut 1. mars, i tråd med lov for Noregs Mållag.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkallinga.

1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegnene

FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER:

§ 1

Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2

Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire til seks ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skriarstova og to utsendingar. Representanten frå styret/skriarstova kallar nemnda saman. Nemnda vel sjølv leiar. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferda av den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemer med varafolk for andre saker på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til vedtak og fråsegner.
- 2) Forma framlegg til vedtak og fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd på fem medlemer for arbeidsprogram.

E Redaksjonsnemnd på fem medlemer for prinsippprogram.

F Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram skriftleg. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfalda før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparen hans fører talarlista. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved vanleg fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskep skal det røystast på ny. Ved røystelikskep for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatar til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd vanleg fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.

1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet

Styret innstiller overfor landsmøtet å velja desse tillitsomboda:

- 1 fire til seks ordstyrarar
- 2 seks møteskrivarar
- 3 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner, økonomi og andre landsmøtesaker
- 4 fem medlemer til redaksjonsnemnd for arbeidsprogram
- 5 fem medlemer til redaksjonsnemnd for prinsippprogram
- 6 tre medlemer til fullmaktsnemnd
- 7 seks røysteteljarar

Styret innstiller på tillitsombod på styremøtet dagen før landsmøtet tek til. Framlegget blir delt ut under innsjekkinga.

1.4 Fastsetjing av sakliste

Framlegget frå styret står på side 5 og 6 i dette heftet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.

1.5 Fastsetjing av tidsfristar

Merk at alle framlegg til fråsegner og andre saker skal vera sende inn seinast 2 månader før landsmøtet, jf. § 5.3 i lovene. Om det kjem framlegg etter fristen, må dei godkjennast med vanleg fleirtal av landsmøtet dersom dei skal realitetshandsamast.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Frist for endringsframlegg til prinsippprogram: fredag 19.30

Frist for endringsframlegg til fråsegner, økonomisaker, arbeidsprogram og innkomne framlegg: laurdag klokka 18.00

Sak 2 Leiartalen

Leiartalen til Peder Lofnes Hauge vert delt ut til alle utsendingane og lagd ut på www.nm.no straks talen er avslutta.

Det er sett av tid til ordskiye etter leiartalen.

SAK 3 Ungdomens tale

Innleiing ved Frida Pernille Mikkelsen, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag.

Under dette punktet har Norsk Målungdom høve til å snakka om fritt valde tema som gjeld politiske tankar og prioriteringar sett frå deira ståstad.

SAK 4 Årsmelding 2020–2022

Styremedlem Anders Riise legg fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.

Årsmeldinga fylgjer landsmøtepapira som eiga trykksak.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årsmelding for 2020–2022 vert godkjend.

SAK 5 Rekneskapar for 2020 og 2021

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram rekneskapane.

I årsmeldinga er desse rekneskapane og revisjonsmeldingane trykte:

Noregs Mållag 2020 og 2021

Fondet for norsk målreising 2020 og 2021

Inga og Gjøa Lutros legat 2020 og 2021

Kulturlotteriet/adventskalenderen 2020 og 2021

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet/adventskalenderen vert godkjende.

SAK 6 Fråsegner

Det låg føre fem fråsegner då saksheftet gjekk i trykken.

- 1 **På høg tid med nynorsk i Visit Norway** (fremja av styret)
- 2 **Det må løne seg å skrive på nynorsk** (fremja av styret)
- 3 **Nynorskelevar må sikrast digitale læremiddel** (fremja av styret)
- 4 **Nynorsk i barnehagelærerutdanninga** (fremja av styret)
- 5 **Fråsegn** (fremja av Suldal Mållag)

1 På høg tid med nynorsk i Visit Norway

Nettsida Visit Norway er den offisielle reiseguiden som Innovasjon Noreg har utvikla på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Visit Norway er ei skikkeleg storsatsing som skal gjere det enkelt å reise i Noreg, samtidig som ho inneheld tusenvis av oppføringar frå lokale reiseverksemder. Det du ikkje finn om ferie i Noreg på denne nettsida, er knapt å bry seg om.

Reiselivssatsinga Visit Norway er betalt av staten, og det er svært påfallande at det ikkje er nynorsk på nettsida. Du finn det ikkje i menyane, heller ikkje i alle dei fine artiklane og tekstane om reisemål og aktivitetar. Det er fyrst når du har klikka deg langt inn i dei inste fjordane i Sogn og Fjordane at du kan finne nokre glimt av reisemål og verksemder som presenterer seg på nynorsk. Alle veit at nynorskområda er svært attraktive og populære reisemål. La difor denne reisa også bli ei språkleg reise i Noreg.

Føremålet med den nye språklova er nettopp å fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk. Dette oppdraget har heile staten, og no er det på tide at Nærings- og fiskeridepartementet tek språkleg ansvar og gjev Innovasjon Noreg og Visit Norway eit nynorskoppdrag.

Nettsida til Visit Norway bør fordele teksten mellom nynorsk og bokmål, og alle annonsane i avisene og TV som blir betalt av oss alle, bør ha same språkdelinga.

2 Det må løne seg å skrive på norsk

Norsk språk er under press i akademia, og med det også nynorsk. Det er ein dramatisk nedgang i bruken av norsk i akademia og noko må gjerast!

Engelsk er meir og meir brukt både i pensumlitteratur, i undervisning og i vitskapelege arbeid syner fleire rapportar siste året. Skal norsk vere eit samfunnsberande språk er det viktig at det finst fagspråk og terminologi for alle område. Universitets- og høgskulesektoren har eit ekstra ansvar for å utvikle dette jf. universitets- og høgskulelova. Sidan det i vitskapeleg arbeid vert publisert mest på engelsk er det i forskingsformidling og læremiddelutvikling terminologiutviklinga skjer. Men i dag er det få insentiv for å drive slikt arbeid, og såleis vert terminologi- og fagspråksarbeid nedprioritert.

Det skadar norsk språk som heilskap.

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling gav i 2021 ut rapporten: «Språkstrategiar i Høgare utdanning». Her er deira klare tilråding at det nasjonalt bør: Opprettast ei insentivordning som sikrar at arbeidet med norsk fagspråk og terminologi og skrivning av læremiddel, leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. blir premiært og prioritert. Dette kan til dømes leggest inn i ei meritteringsordning for god undervisning/gode førelesarar.

Kunnskapsdepartementet må få på plass ei slik ordning for å sikre norsk fagspråk og gje vitskapeleg tilsette insentiv til å drive slikt arbeid.

3 Nynorskelevar må sikrast digitale læremiddel

Ei ny opplæringslov må vere klokkeklar i kravet til både norske læremiddelprodusentar og internasjonale selskap. For å kunne bli brukt i norsk skule må produktet liggje føre på norsk, både på nynorsk og på bokmål til same pris og same tid.

Landsmøtet i Noregs Mållag ber kunnskapsministeren om å sikre nynorskelevane den same tilgangen på digitale læremiddel som bokmålslelevane har. Den digitale kvardagen fyller klasseromma til nynorskelevane med bokmålsleremiddel, og gjev dei ei dårlegare grunnleggjande lese- og skriveopplæring.

Skal nynorskelevane få like god opplæring i og på språket sitt, som elevar med bokmål som hovudmål, må den nye opplæringslova sikre ein nynorsk skulekvardag for nynorskelevane i både læremiddel, læringsverktøy og andre digitale ressursar som vert brukte i skulen, ikkje minst i kontorstøtteprogram som er heilt grunnleggjande for skriveopplæringa.

52
53
54

55 For å sikre dette må:
56 - definisjonen av kva eit læremiddel er femne breiare
57 - digitale læringsressursar kome inn under parallellitetskravet
58 - kontorstøtteprogram som blir brukt i skulen, liggje føre på både nynorsk og bokmål
59 Utan desse endringane i ei ny opplæringslov, vil skulekvardagen til nynorskelevane framleis vere
60 fløymd over med digitale læremiddel på bokmål og engelsk. Deira rett til ei god lese- og
61 skriveopplæring på eige språk vert alvorleg svekt.

62
63
64

65 **4 Nynorsk i barnehagelærerutdanninga**

66 Born skal oppleve overgangen mellom skole og barnehage som trygg og god. Dette skal m.a. skje
67 ved at borna skal oppleve at det er ein samanheng mellom innhaldet i barnehage og skole ved
68 samarbeid og deling av kunnskap og informasjon mellom heim og barnehage før skolestart.
69 Tidleg innsats i språkopplæringa styrkar språkutvikling, evne til å uttrykke seg sjølv og er med på å
70 etablere ein felles identitet. I dag gir ikkje barnehagelærerutdanninga studentane kompetanse og
71 kunnskap om korleis ein lyt bruke språkopplæringa i nynorskkommunar til å førebu borna og
72 foreldra deira på at borna skal bli nynorskelevar. Dette skaper ekstra pedagogiske og språkpolitiske
73 utfordringar for lærarane, foreldra og kommunane
74 Landsmøtet i Noregs Mållag krev at departementet tek inn i rammeplanen for
75 barnehagelærerutdanninga at utdanninga skal gjere barnehagelærarane til gode nynorskpedagogar, og
76 såleis sikre ein god overgang frå barnehage til skole.

77
78
79

80 **5 Fråsegn**

81 Noregs Mållag er aktiv i sosiale medium. Der har NM dei siste åra, i juni månad, endra fargane i logoen
82 sin til sokalla pride-fargar. Med dette syner NM at dei støttar pride, prideparadar og -festivalar, som
83 regel i regi av organisasjonen FRI.

84

85 Lov for Noregs Mållag

86 FØREMÅL § 1.1 Noregs Mållag vil arbeida for å gjera den norske målreisingstanken til røyndom.

87 Prinsippprogram for Noregs Mållag

88 Føremål: Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunne nytte dialekten sin, og for at folk i bygd og by
89 skal velje og ta i bruk det nynorske skriftmålet. Noregs Mållag arbeider for å fremje nynorsk på alle
90 område i det norske samfunnet.

91

92 Ved å endra fargane i logoen til regnbogefargar, pride sitt tydelegaste kjenneteikn, knyter Noregs
93 mållag seg opp til ein bodskap som ikkje har noko med føremålet til NM å gjera.

94

95 Noregs mållag skal ha som prinsipp å ikkje markera støtte til utanforliggjande saker og/eller
96 organisasjonar utan å ta dette opp til drøfting i heile organisasjonen på førehand. Der kan vera mange
97 gode og viktige saker å støtta, nokon kontroversielle andre ikkje, men mållaget kan ikkje bruka tid og
98 krefter på å drøfta saker som ikkje klårt har med føremålet til laget å gjera.

99

100 NM sin logo skal ikkje endrast i sosiale medium eller andre stader, korkje med fargar eller på annan
101 måte. Han skal ikkje bli nytta som politisk signal om saker som ligg utanfor mållaget sitt føremål.

SAK 7 Vilkåra for nynorskelevane i skulen

Ei ny opplæringslov er i kjømda, og fleire store saker har vore sentrale i ordsiftet lenge - som språkdelt ungdomsskule og stoda med digitale læremiddel for nynorskelevane.

Tale ved kunnskapsminister Tonje Brenna.

SAK 8 Nytt prinsippprogram for Noregs Mållag

Innleiingar ved styremedlem Inger Johanne Sæterbakk og direktør ved Nynorsk kultursentrum Per Magnus Finnanger Sandsmark.

Til denne saka ligg det føre tre heilskaplege framlegg:

- 1 Framlegg frå styret
- 2 Framlegg frå Odda Mållag
- 3 Framlegg frå Arvid Langeland

1 Framlegg frå styret:

2 3 **Føremål**

4 Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir meir brukt
5 i heile Noreg. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialekten sin.

6 7 **Grunnlag**

8 Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til
9 skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.

10
11 Det nynorske skriftspråket er ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for alle som bur i
12 Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.

13
14 Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange språka som er under press frå språk med
15 fleire eller mektigare brukarar. Noregs Mållag ser arbeidet for nynorsk som del av ei brei internasjonal
16 rørsle for å tryggja og styrkja utsette språk.

17 18 **Samfunnsberande språk**

19 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.
20 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.

21
22 Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk.
23 Styresmaktene må syta for at det er like enkelt å bli, og å halda fram med å vera nynorskbrukar i heile
24 landet.

25
26 Norsk skal halda fram med å vera det samfunnsberande språket i Noreg, også på områda der engelsk
27 held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv.

28
29 Vi må kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar. Nynorsk skal vera likestilt
30 med bokmål i den digitale språkutviklinga.

31 32 **Dugleik og fellesskap**

33 Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfellesskapen. Å kunna nynorsk er ein
34 føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fullgod
35 opplæring i og på nynorsk.

36 37 **Talemål**

38 Det er ein demokratisk rett å kunna bruka sitt eige talemål. Dei norske dialektane er det historiske
39 grunnlaget for nynorsken. Dialektbruk er akseptert og normalt i dei fleste samanhengar, men
40 dialektmangfaldet er like fullt under press. Noregs Mållag forsvarar dialektar og dialektbruk. Noregs
41 Mållag stør bruk av normert nynorsk tale.

42 43 **Mindretalsspråk**

44 Noregs Mållag stør mindretals- og minoritetspråkbrukarar sin kamp for språklege rettar og står
45 solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg. Det gjeld særleg dei
46 samiske språka, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

47 48 **Noregs Mållag og prinsippprogrammet**

49 Medlemene i Noregs Mållag legg prinsippprogrammet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er
50 partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einiskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det
51 tener målsaka.

52
53
54
55

56

57 Framlegg frå Odda Mållag:

58

59 **Føremål**

60 Nynorsk er eit allment og jamstelt skriftspråk i Noreg og Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle
61 område i det norske samfunnet. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialekten sin.

62

63 **Grunnlag**

64 Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til
65 skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.

66

67 Nynorsk er det eldste norske skriftspråket, ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for
68 alle som bur i Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.

69

70 **Normering**

71 Nynorsk skriftspråk skal normerast på eit sjølvstendig grunnlag.

72

73

74 **Samfunnsberande språk**

75 Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.

76 Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som eit allment og jamstelt skriftspråk i
77 Noreg. Dette må nedfella seg i lover og føresegner.

78

79 Nynorsk må haldast ved like og styrkjast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i bruk.

80

81 Styresmaktene må syta for at det er like enkelt å bli, og å halda fram med å vera nynorskbrukar i heile
82 landet.

83

84 Nynorsk og bokmål skal halda fram med å vera dei samfunnsberande språka i Noreg, også på områda
85 der engelsk held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta dei norske språka i på område der engelsk held
86 på å ta over.

87

88 Vi må kunna bruka nynorsk og talemålet vårt i alle digitale samanhengar. Programvare må vera
89 tilgjengeleg også på nynorsk. Nynorsk skal vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.

90

91 **Dugleik og fellesskap**

92 Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfellesskapen. Å læra og å kunna nynorsk er
93 ein føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til fullgod
94 opplæring i nynorsk. For å kunna bli trygge i skriftspråket sitt er det viktig at nynorskelevane får høyra
95 saman som gruppe gjennom heile grunnskulen. Denne retten må lovfestast og elevar i grunnskulen har
96 ikkje høve til å byta skriftspråk.

97

98 **Talemål**

99 Det er ein demokratisk rett å kunna bruka sitt eige talemål. Dei norske dialektane er det historiske
100 grunnlaget for nynorsken. Dialektbruk er akseptert og normalt i dei fleste samanhengar, men
101 dialektmangfaldet er like fullt under press. Noregs Mållag forsvarar dialektar og dialektbruk. Noregs
102 Mållag vil tilskunda bruk av normert nynorsk tale i media, skule og kyrkje.

103

104 **Mindretalspråk**

105 Noregs Mållag stør mindretals- og minoritetsspråkbrukarar sin kamp for språklege rettar i Noreg. Dette
106 gjeld særleg brukarar av samiske språk, kvensk, romani, romanes og teiknspråk.

107
108 **Lojalitet i organisasjonen**
109 Noregs Mållag legg til grunn at dei styrande organa i organisasjonen er lojale mot landsmøtevedtak.
110
111
112 **Noregs Mållag og prinsippprogrammet**
113 Medlemene i Noregs Mållag legg prinsippprogrammet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er
114 partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det
115 tener målsaka.
116
117
118

119 **Framlegg frå Arvid Langeland:**

120
121 **Til landsmøtet i Noregs Mållag 2022**
122 Nedanfor finn de eit framlegg til nytt prinsipp-program for Noregs Mållag.
123
124 Dokumentet er bygt opp slik:
125 **Oversyn over oppbyggnaden av dokumentet** s. 1
126
127 **Innleiing til prinsipp-programmet** s. 2
128 Innleiinga gjev i kortform den historiske bakgrunnen for målstriden i Noreg og nemner i tillegg
129 viktige utfordringar for målrørsla i dag. Innleiinga og dei einskilde punkta kastar gjensidigt ljøs
130 over kvarandre.
131
132 **1 Føremålet** s. 6
133
134 **2 Det nynorske språket** s. 6
135 Skriftspråket
136 Normert nynorsk talemål
137 Dei norske dialektane
138
139 **3 Tiltak for reell jamstilling** s. 7
140
141 **4 Noregs Mållag og prinsipp-programmet** s. 7
142
143
144
145 **PRINSIPP-PROGRAM FOR NOREGS MÅLLAG**
146 **Innleiing**
147
148 **Nynorsk og bokmål – historisk bakgrunn og utvikling**
149 I 1536 vart Noreg eit lydrike under Danmark, og dansk overtok som administrasjonsspråk i Noreg. Dansk
150 var difor einerådande offisielt språk i landet då Noreg atter vart ein sjølvstendig stat i 1814.
151 Utetter siste halvparten av 1800-talet vart det sett i gang ei varsam fornorsking av dansken, tufta på
152 talemålet til overklassen i Noreg. I 1907 vart det fastsett ei ny offisiell norm for dette norskdanse
153 målet, som alt frå 1899 vart kalla riksmål.

154 Det norske målet hadde i dansketida levt vidare i dei norske dialektane.
155 Ivar Aasen (1813-1896) granska desse dialektane, og med utgjevinga av Norsk Grammatik i 1864 og
156 Norsk Ordbog i 1873 sette han opp ei landsgyldig, samlande norm som fekk namnet landsmål.
157 Den 12. mai 1885 gjorde Stortinget det vedtaket som har gjenne inn i norsk målsoge som
158 jamstillingsvedtaket:
159
160 Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og
161 officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.
162
163 Den 6. juli 1892 vedtok Stortinget å ta inn ei føresegn i skulelova som sidan er vorte kalla
164 målparagrafen:
165
166 Skolestyret bestemmer, om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede paa Landsmaal eller i det
167 almindelige Bogsprog, og i hvilket af disse Maal Elevernes skriftlige Arbeider i Almindelighed skal
168 affattes. Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal.
169
170 Dermed var Noreg vorte eit land med to offisielle språk.
171
172 Men av di dansk hadde vore einaste offisielle språk i fire hundre år, hadde dansken ei kolossal
173 overmakt.
174
175 Noregs mållag vart skipa i 1906 for å atterreisa landsmålet som nasjonalt mål.
176
177 Utetter i 1890-åra vart landsmålet innført i folkeskulen i krins etter krins på Vestlandet, i fjellbygdene i
178 Sør-Noreg og i Trøndelag.
179
180 På grunn av den sterke framgangen til landsmålet vart styresmaktene urolege for at landet skulle verta
181 språkløyvt. Alt i 1901 sa Gunnar Knudsen i Stortinget at «vort lille folk på 2 mill. har virkelig ikke raad at
182 splitte sig i to sproggrupper».
183
184 **Åtak på nynorsken i form av tilnæringspolitikk**
185 For å motverka varig språkløyving sette styresmaktene i verk den sokalla tilnæringspolitikken. Den
186 gjekk ut på at nynorsk og bokmål gjennom offentlig styring gradvis skulle nærma seg kvarandre med
187 sikte på samansmelting til eitt nytt språk, samnorsk. Rettskrivingsreformene i 1917, 1938 og 1959
188 hadde dette for auga.
189
190 På riksmålssida voks det fram sterk motstand mot samnorsken. Frå 1952 gav Riksmålsforbundet ut si
191 eiga ordliste, og motstanden deira vart i 1981 langt på veg kruna med siger då Stortinget vedtok
192 Stortingsmelding nr. 100 (1980–81) Endringer i rettskrivningen og læreboknormalen for bokmål.
193
194 Desse endringane restaurerte langt på veg riksmålet.
195
196 I 2002 vart tilnæringspolitikken offisielt skrinlagd då Stortinget tok bort den sokalla
197 tilnæringsparagrafen i lov om Norsk språkråd.
198 Bokmålsseksjonen i Norsk språkråd smidde medan jarnet var varmt. Etter ny rettskriving for bokmål frå
199 1. juli 2005, står det no att berre minimale skilnader mellom riksmålsnormalen og det som gjerne vert
200 kalla moderat bokmål.
201 Rettskrivingsbrigda førde òg til sterk motstand på nynorsksida. I 1938 gjekk Noregs mållag imot den nye
202 rettskrivinga på to landsmøte på rad.
203 Men brigda førde òg til indre strid og kløyving i målrørsla.
204
205 Nynorsken fekk ikkje nokor restaurering slik som bokmålet fekk i 1981, og opphevinga av
206 tilnæringsparagrafen i 2002 fekk ein paradoksal verknad for nynorsken:
207

208 For jamvel om Stortinget i 2009 gav Språkrådet klarsignal til å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for
209 nynorsk, utan sideformer, so vart resultatet at norma fekk kolossalt mange valfrie former samstundes
210 som ho opna for større tilnærming til bokmål enn nokon gong før i norsk målsoge.

211
212 Dette utløyste sterk strid i målrørsla, men med knapt fleirtal støtte likevel landsmøtet i Noregs mållag
213 den nye nynorsknorma.

214
215 Styret i Språkrådet slutta seg samrøystes til tilrådinga frå rettskrivingsnemnda den 20. mai 2011.

216
217 Den 22. september 2011 godkjende Kulturdepartementet den nye rettskrivinga for nynorsk med
218 verknad frå den 1. august 2012.

219
220 **Åtak på nynorsken i form av bokmålsdominans og -hegemoni**

221 Tenkjemåtar som er med og rettferdiggjjer dominans, representerer eit hegemoni. Å ha eit hegemoni er
222 altså å ha eit overtak, ofte nesten umerkeleg slik at dominansen og makta verkar heilt sjølvsgd eller
223 naturleg, og ikkje må grunnjevast. Den som har ei formell fleirtalsmakt, forvaltar element av eit slikt
224 hegemoni gjennom ideologisk makt.

225
226 Grupper, miljø, institusjonar som er i ein hegemonisk posisjon, legg premisser for kva som gjeld og kva
227 som er legitimt, og kan gjera det så lenge dei som blir utsette for dette hegemoniet, godtek premissane
228 og underordninga. Ein kamp om hegemoniet vil difor innebera usemje om korleis situasjonar bør
229 forståast, saker sorterast og omgrep definerast.¹

230
231 Trass i at nynorsken vart offisielt jamstilt som nasjonalt hovudspråk alt i 1885, er dominansen og
232 hegemoniet frå dansketida i stor grad vorte vidareført:

- 233
- 234 • Berre 10 prosent av tekstmengda i lovverket er i dag på nynorsk.²
 - 235 • Språklova som tok til å gjelda den 1. januar i år har ikkje føreseger om sanksjonar mot brot på
236 lova jamvel om røyntla tilseier at det er naudsynt.
 - 237 • Språklova, som etter føremålsparagrafen skal fremja jamstilling mellom nynorsk og bokmål,
238 nøyer seg i § 13 med å krevja at sentrale statsorgan skal bruka minst 25 prosent av både bokmål
239 og nynorsk i ålment tilgjengelege dokument. Det mest sannsynlege er då at det vert minimum
240 75 prosent bokmål.
 - 241 • Barnehagefeltet er ikkje i det heile regulert når det gjeld opplæringsmål, og det skaper vanskar
242 for den tidlege språkopplæringa som går føre seg i barnehagen. I dag kan ein i ein barnehage i
243 eit nynorskområde syngja songar og lesa bøker på berre bokmål. I tillegg kan ein driva aktiv
244 språkstimulering og omgrepslære på bokmål til ungar som skal byrja i ein nynorskskule. Dette
245 problemet er ikkje nemnt med eit ord i språklova. Det er heller ikkje teke opp i framlegget til ny
246 opplæringslov.

247
248 «For ei stund sidan vekte det ei viss merksemd at nynorskelevar ved ein vidaregåande skule på
249 Vestlandet i ei undersøking oftast kryssa av for bokmålsordet eller bokmålsforma som meir naturleg for
250 dei å bruka enn tilsvarande nynorskord eller nynorskform. Departementet legg til grunn at dette først
251 og fremst er ein refleks av den sterke bokmålsdominansen i samfunnet i det heile, og at også
252 nynorskelevar er mykje meir vane med å høyra og lesa bokmål enn nynorsk.

253
254 Av same grunn er det heller ikkje til å undrast over at enkelte skrivande folk med nynorskbakgrunn
255 synest dagens nynorsk kjennest gammaldags og lite funksjonell, og gjerne vil at det skal vera meir fritt
256 fram for ord og uttrykk frå bokmål som dei også bruker i sitt eige talemål.

¹ *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk, s. 68.*

² *Språkrådet: Nynorsk lov- og rettsspråk. Rapport frå eit seminar 30. oktober 2014, s. 9.*

257 Alle individuelle språkval må respekterast, og synspunkt av dette slaget kan difor ikkje underkjennast.
258 Samstundes kan det ikkje stikkast under stol at dei også er uttrykk for dei språklege makttilhøva i
259 samfunnet.
260 Det er heller ikkje i andre land uvanleg at det dominerande språket blir oppfatta som naturleg og
261 moderne, medan eit språk som er mindre brukt, ofte kan kjennest gammaldags og mindre funksjonelt,
262 også blant mange av dei eigne primærbrukarane. Difor er det også meir krevjande å bruka eit slikt språk
263 enn det språket eller den språkforma som dominerer.
264 Departementet legg til grunn at slike dominansforhold gjer at det alltid vil vera eit press for å endra
265 nynorsk i retning av bokmål, ikkje berre når det gjeld ordtilfang, men også i rettskriving og formverk.
266 Det eine kan også lett dra det andre etter seg.»³

267

268 **Tilsløring av bokmålsdominans**

269 Det er tvilsamt om det er råd å finna eit objektivt svar på spørsmålet «Kva er eit språk?» Til sjuande og
270 sist er det å kunna definera eit språk som eit eige språk knytt til makt.

271

272 På dette punktet førde stortingsmeldinga Mål og meining vidare ideologien frå samnorskperioden.
273 Meldinga tala om «det norske fellesspråket»⁴ og hevda at «nynorsk og bokmål lingvistisk sett [er] to
274 variantar av norsk språk».⁵ Men meldinga såg det derimot som «rimeleg å skilja ut dei tre skandinaviske
275 språka, svensk, dansk og norsk [...]».⁶

276

277 Språklovproposisjonen viser til dette punktet og legg til:

278 «Framlegget til språklov slår derfor fast at nynorsk og bokmål er norske skriftspråk. Departementet
279 understrekar at det å rekne bokmål og nynorsk som to separate skriftspråk ikkje står i vegen for å
280 omtale norsk som eitt språk.»⁷

281

282 Kvifor vegrar styresmaktene seg framleis for å anerkjenna fullt ut at det finst to nordiske språk i Noreg?
283 I Sveits har dei tri offisielle språk, men ingen av dei heiter sveitsisk. Kva står i vegen for å gje avkall på
284 nemninga «norsk» i denne samanhengen? Konsekvent bruk av nemningane nynorsk og bokmål og fullt
285 avkall på nemninga «norsk» om dei to språka ville gjera tospråksituasjonen synleg heile tida. Ein slik
286 språkbruk ville avdekkja at altfor ofte dreiar det seg berre om bokmål når det vert tala om «norsk».

287

288 For å prøva å hamla opp med desse utfordringane, vil Noregs Mållag leggja dette prinsipp-programmet
289 til grunn:

290

291 **1 Føremål**

292

293 Noregs mållag skal arbeida for å reisa og tryggja nynorsk som samfunnsberande, fullverdigt nasjonalt
294 hovudspråk i Noreg.

295

296 **2 Det nynorske språket**

297 **Skriftspråket**

298 Ivar Aasen granska dei norske dialektane og sette opp ei landsgyldig, samlande norm tufta på dei
299 norske målføra som stod i ubrotten samheng med gamalnorsk.

300

301 Aasen meinte at enkel setningsbygning og folkeleg seiemåte må vera stilmønster for nynorsken, og at
302 det som regel bør lagast nyord på heimleg grunn framfor å henta dei inn frå andre språk.

303

³ *St.meld. nr. 35 (2007–2008)*, Mål og meining, s. 207-208.

⁴ *St.meld. nr. 35 (2008–2009)*, s. 197.

⁵ *Same staden*, s. 195.

⁶ *Same staden*, s. 60.

⁷ *Prop. 108 L (2019-2020) Lov om språk (språklova)*, s. 84

304 Prinsippa som Aasen bygde på, gjorde nynorsken til eit språk som folk kunne kjenna seg heime i. Noregs
305 mållag stør desse prinsippa, og vil arbeida for at nynorsken vert dyrka på sitt eige grunnlag.
306 Noregs mållag krev difor at former og skrivemåtar som er tekne inn i nynorsken frå og med 1917 og
307 frametter med det føremålet å tilnærma han til bokmål, må takast ut att or nynorsknorma, og
308 valfridomen i norma må reduserast sterkt.

309

310 **Normert nynorsk tale**

311 Normert nynorsk tale er ein naturleg del av eit samfunnsberande, fullverdige nasjonalt hovudspråk og
312 kan i sin tur vera eit viktig ryggstø for skriftmålet og dialektane.

313

314 Normert nynorsk tale må tuftast på delar av tradisjonell dialektuttale, ikkje på bokmålsuttale.

315

316 **Dei norske dialektane**

317 Noregs Mållag stør arbeid for å taka vare på dei norske dialektane. Noregs mållag meiner at det er
318 viktig å spreia kunnskap om dei tradisjonelle dialektane og å visa samhøvet mellom dei og tradisjonell
319 einskapleg nynorsk.

320

321 **3 Tiltak for røyneleg jamstilling**

322 Nynorsken er offisielt jamstilt som nasjonalt hovudspråk, men han er likevel i røynda diskriminert.

323 Noregs mållag meiner at dette er døme på tiltak som krevst for å få til røyneleg jamstilling:

- 324 • Lover og forskrifter må liggja føre både på nynorsk og bokmål samstundes.
- 325 • Viktige nasjonale dokument som NOU-ar, stortingsmeldingar og liknande må liggja føre både på
326 nynorsk og bokmål samstundes.
- 327 • Staten må krevja av vareprodusentar at bruksrettleggingar og annan informasjon skal vera både
328 på nynorsk og bokmål.
- 329 • Staten må stilla krav til teknologiprodusentar om at nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar skal
330 ha like rettar i alle samanhengar der språk er relevant.
- 331 • Språklova må slå fast at det offentlege har ansvar for å utvikla og bruka terminologi og fagspråk
332 på nynorsk og bokmål.
- 333 • Språklova må ha føresegner om sanksjonar mot brot på språklova.
- 334 • Det offentlege må syta for at lærarutdanninga og førskulelærer-utdanninga gjev god
335 nynorskkompetanse.
- 336 • På store regionale trafikk-knutepunkt må det skiltast og informerast både på nynorsk og
337 bokmål.
- 338 • Det må med lov sikrast at barnehagane i nynorskkommunar brukar nynorsk
- 339 • Alle nynorskelevar i den norske grunnskulen skal ha rett til opplæring på sitt eige språk opp
340 gjennom heile skulegangen.
- 341 • Det må vera lik tilgang på læremiddel på både nynorsk og bokmål til og med høgskulenivå, og so
342 langt som rimeleg på universitetsnivå, slik at me kan hindra at engelsk overtek.

343

344 Dette punktet er sjølvstøtt ikkje fullstendig, men det konkretiserer kva Noregs Mållag legg i reell
345 jamstilling.

346

347 **4 Noregs Mållag og prinsippprogrammet**

348 Medlemene i Noregs Mållag legg prinsipp-programmet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er
349 partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre organisasjonar når det
350 tener målsaka

SAK 9 Økonomi

Dagleg leiar Gro Morken Endresen legg fram økonomisakene.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 9.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2024–2026
- 9.2 Årspengar for 2024 og 2025
- 9.3 Budsjett for 2023 og 2024
 - merk at Hordaland Mållag har levert inn eit framlegg som gjeld budsjettet, det følgjer nedst.

ØKONOMISKE STYRINGSVERKTØY

Desse styringsverktøya er planlagde for den toårige landsmøteperioden:

- ✓ Budsjett for to år blir vedteke av landsmøtet.
- ✓ Revidert driftsbudsjett blir vedteke av styret år for år.
- ✓ Prognose blir lagd fram for styret til orientering og som grunnlag for eventuelle åtgjerder. Prognosen er resultatet av kjende tal for den delen av året som er gått, kombinert med ei vurdering av sannsynleg utvikling resten av året.
- ✓ Driftsresultat per førre månad blir lagt fram for styret saman med prognosen. Rekneskapstala blir jamførte med driftsbudsjett og året før.
- ✓ Årsrekneskap blir godkjend av landsmøtet i samsvar med § 5.1 i lov for Noregs Mållag.
- ✓ Prosjektbudsjett som identifiserer inntekter og kostnader for dei ulike tiltaka og planane som skal gjennomførast.
- ✓ Tiltak i arbeidsprogrammet må dermed talfestast i kostnader og inntekter så langt råd er. Arbeidet med slik prosjektbudsjettering kan fyrst ta til etter at landsmøtet har vedteke arbeidsprogrammet. Det reviderte budsjettet som styret vedtek, blir dermed det viktigaste grunnlaget for den økonomiske drifta av organisasjonen.

Konsekvensen av å bruka desse økonomiske styringsreiskapane er at det er både ynskjeleg og naudsynt at budsjettdrøftinga på landsmøtet rettar seg mot dei overordna måla og tala. Landsmøtet vedtek dermed eit rammebudsjett med visse resultatkrav, som det blir styret si oppgåve å realisera innanfor dei føresetnadene som er stilte.

Driftsåret i eit ordinært landsmøteår ser slik ut:

Februar/mars: Styret vedtek tilråding av budsjett for dei neste to åra for landsmøtet.

April: Landsmøtet vedtek budsjett for dei neste to åra, i tråd med § 5.1 i lov for Noregs Mållag

Mai/juni: Styret får driftsresultat per april og prognose til orientering, og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

August/september: Styret får driftsresultat per juli og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

Nov./desember: Styret får driftsresultat per oktober og prognose til orientering og gjer eventuelle vedtak om tiltak.

Januar: Styret vedtek revidert budsjett for arbeidsåret med grunnlag i arbeidsprogrammet og resultatet for førre året.

Mars: Styret avsluttar arbeidet med rekneskapen for året før.

April: Landsmøtet godkjenner rekneskapen for dei to førre åra.

I oddetalsår er det ikkje landsmøte, og rekneskapen vil då bli vedteken i styret og lagd fram for neste ordinære landsmøte.

9.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2024–2026

Landsmøtet i 1991 opna for frikjøp av leiar e.a. gjennom denne merknaden til budsjettet for 1992:

På lønsbudsjettet vil det bli gitt rom for løna leiar/frikjøp av leiar. Desse midlane blir brukte til frikjøp av leiar, andre styremedlemmer og eventuelt andre, etter vedtak i styret.

I 2007 vedtok landsmøtet:

Landsmøtet bed styret om å på landsmøtet i 2008 innstilla på leiarløn både for perioden 2008–2009 og 2009–2010. For seinare landsmøte skal vedtak om leiarløn vera ein del av det budsjettet som landsmøtet har oppe til vedtak, slik at landsmøtet i 2009 vedtek leiarløn for april 2010 til april 2011.

Denne ordninga har sidan vore brukt på ulike måtar. Både for valnemnda og for den som blir vald som leiar, er det naudsynt at rammevilkåra for leiaren er klåre for kvar funksjonsperiode.

Summen i budsjettet bør vera ei maksimalramme, og styreleiaren står fritt til å ta ut honorar for ein mindre brøk enn 1/1 stilling. Det er heller ikkje sjølvstøtt at frikjøpssummen for styreleiar skal vera identisk med løn til dagleg leiar. Behov, kompetanse, arbeidsmengd og arbeidsfordeling kan skifta. Styret legg til grunn for innstillinga si til landsmøtet, at leiaren vert frikjøpt med utgangspunkt i den løna vedkomande har i den ordinære stillinga si. Styret ynskjer likevel å leggja løna rimeleg høgt, ut frå ei vurdering av det ansvaret og den arbeidsbyrda som ligg til leiaren i Noregs Mållag. Det føreslegne lønsspennet representerer difor styret si vurdering av kva som bør vera lågaste og høgaste moglege lønsinnplassering for dei komande arbeidsåra.

Det er i alle høve landsmøtet som må fastsetja den årlege summen. Løna til dagleg leiar er no lønssteg 75 som frå 01.05.2021 er kr 715 900.

Dersom andre styremedlemer skal frikjøpast, legg styret til grunn at dei vert frikjøpte i den løna dei har, men med same maksimumsløn som leiaren.

Landsmøtet i 2020 gjorde vedtak om å setja av lønsmidlar til frikjøp av styreleiar for perioden 2022–2024 i full stilling i lønssteg 62–77.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2024–2026 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønssteg 64–79 i statsregulativet. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn og vidare følgja den ålmenne lønsutviklinga i staten.

9.2 Årspengar for 2024 og 2025

Årspengane for 2022 og 2023 er sette til 300 kroner. Landsmøtet skal fastsetja årspengar for 2024 og 2025. Fastsetjing av årspengar er regulert i lov for Noregs Mållag § 4.6:

Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Familiemedlemer og lag som også er med i Noregs Ungdomslag betalar halve årspengar. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral kontingent gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje kontingent til samskipnaden.

§ 3.2 seier dette om årspengar frå Norsk Målungdom:

Norsk Målungdom svarar ei - 1 - krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

Styret føreslår ein auke på 10 kroner i medlemspengane frå og med 2024. Landsmøtet skal også vedta tilrådd sats for lokallaga og fylkeslaga, og styret føreslår dei same tilrådde satsane som sist.

Årspengar - nominell og reell auke 2007–2025

År	Nom kr	2015-kr	Konsumprisindeks
2025	310	247	125,3
2024	310	252	122,8
2023	300	250	120,2
2022	300	253	118,4
2021	300	260	115,4
2020	300	265	113,1
2019	290	262	110,8
2018	290	268	108,4
2017	290	275	105,5
2016	290	280	103,6
2015	280	280	100
2014	280	286	97,9
2013	280	292	95,9
2012	280	298	93,9
2011	280	300	93,3
2010	270	293	92,1
2009	270	300	89,9
2008	270	307	88,0
2007	260	307	84,8

MERK: Tabellen syner nominell og reell kroneverdi ut frå framlegget til medlemspengesats. Prognose for åra 2022–2024: 2,6 %, 1,5 % og 2,2 % prisauke. Prognose for 2025 ligg ikkje føre og er stipulert til 2 %. Det er ikkje teke omsyn til at dei røynglege utgiftene for Noregs Mållag er større enn prisauken.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årspengane for 2024 og 2025 blir sette til 310 kroner i ordinær sentralsats. Tiltrådd fylkessats er 40 kroner og tilrådd lokallagssats er 60 kroner.

9.3 Budsjett for 2023 og 2024

Tal i 1000 kroner, oversyn over kostnadene følger på neste side. Kva som løyner seg attom dei ulike postane, kan ein få god oversikt over i årsmeldinga, der postane er kommenterte saman med presentasjonen av rekneskapen.

	REKN 20	REKN 21	LM- vedtak BUD 22	STYRE- REV BUD 22	FRAML. BUD 23	FRAML. BUD 24
INNTEKTER						
Sal av materiell	63	73	100	70	70	70
Norsk Tidend	57	29	70	50	50	50
Adventskalender/lotteri	200	181	250	200	200	200
Medlemspengar	4 394	4 919	4 400	4 900	4 950	5 120
Prisar og stipend	120	120	120	133	133	133
Landsmøte	97	0	1 030	1 200	0	1100
Møte-/seminarinntekter	0	11	40	40	60	30
Tenestosal	0	0	5	10	0	0
Målgåver	1 815	1 920	1 500	1 850	1 900	1 950
Statstilskot	5 640	5 970	5 860	6 290	6 200	6 300
Løyvingar, gåver, sponsorinnt.	0	50	75	80	75	75
Prosjekt i fylkeslaga	235	460	550	550	550	550
Leige- og kontorinntekter	226	226	230	234	230	230
Uttak av varer	0	0	10	10	5	10
Mva-refusjon	588	766	450	530	500	550
Ymse	116	609	130	240	80	80
Sum inntekter	13 551	15 334	14 820	16 387	15 003	16 448

UTGIFTER

Materiell for sal	67	55	100	80	90	80
Norsk Tidend	781	788	850	846	860	880
Andre trykkjekostnader	87	130	110	100	90	90
Adventskalender/lotteri	101	94	150	100	100	100
Refusjon medlemspengar	976	1 143	930	1 150	1 160	1 170
Løn og honorar	5 734	6 588	6 300	6 400	6 720	6 850
Støtte til fylkeslaga i randsonene	-	-	-	520	600	700
Tenestosal	0	0	2	0	0	0
Husleige, straum	1 152	1 167	1 250	1 200	1 225	1 250
Presseklypp, komm.tenester	85	88	85	90	92	95
Prisar og stipend	183	185	180	230	230	230
Drifts- og kontorutgifter	1 870	1 665	1 500	1 630	1 650	1 650
Landsmøte	716	255	1 300	1 500	0	1350
Seminar, konferansar og arr.	0	23	200	210	250	150
Styre-/landsrådsmøte	174	218	220	220	220	220
Andre reise/møteutgifter	177	224	230	230	230	230
Prosjekt i fylkeslaga	235	460	550	550	550	550
Løyvingar, gåver	181	265	70	70	70	70
Løyving til NMU	350	350	350	350	350	350
Målpol. sats.felt 1: skulemål	181	139	150	350	150	150
Målpol.sats.felt 2 Barn og unge	0	10	30	30	30	30
Målpol. sats. 3: Off. målbruk	0	0	30	20	20	20
Kampanje for digitale læremiddel	4	75	30	20	20	20
Nynorskstafetten	0	369	150	180	180	200
Organisasjonstiltak	173	357	300	300	300	300
Avskrivningar, tap på krav	1	-30	5	0	0	0
Sum utgifter	13 228	14 618	15 070	16 386	15 197	16 745
Resultat før finanspostar	323	716	-250	1	-194	-297
FINANSPOSTAR						
Utbyte	6	9	10	10	10	10
Finansinntekter	34	14	75	15	15	15
Finansutgifter	-53	-82	-40	-90	-90	-90
Sum finanspostar	-13	-59	45	-65	-65	-60
RESULTAT	310	657	-205	-64	-259	-357

Randsonepott – til styrking av skulemålsarbeidet i randsonene

Nynorsk er stadig under press frå bokmålsdominansen i byane, anten det er i områda rundt Stavanger eller Bergen, eller i andre bynære område. I det gjeldande arbeidsprogrammet til Noregs Mållag står det at nynorsk er konsolidert i kjerneområde, men at det er større press på nynorsken «[i] randsonene i Agder-fylka, Telemark, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen, på Nordmøre, i Romsdal og rundt byane på Vestlandet.» Her bør både fylkeslag og lokallag jobba målretta for å sørgja for at foreldra til skuleborn vel nynorsk, og for å hindra målbyte blant ungdomen, både på ungdomsskulen og vidaregåande.

For å støtta fylkeslag og lokallag i arbeidet deira for å fremja nynorsk skulemål i randsonene, vil landsmøtet løyva ein årleg randsonepott på minst 300.000 til 500.000 kroner. Randsonepotten skal inntil vidare lysast ut ein gong i året. Det sikrar langsiktige og stabile rammer for det skulemålsarbeidet som løyvinga gjev rom for.

I ein periode med medlemsauke og vekst i inntektene til Noregs Mållag, der ein har gått frå 13.581 medlemmar i 2019 til 15.483 medlemmar i 2021, bør dette gje meir ressursar til å styrkja innsatsen i randsonene.

Kommentar frå styret:

Styret har valt å løysa dette med ein litt annan modell, og summene finn ein att på kostnadslinja "støtte til fylkeslaga i randsonene". Dimed går ikkje styret inn for framlegget frå Hordaland Mållag, som er meint å svara på om lag det same spørsmålet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2023 og 2024 som er lagde fram med årsresultat på - 259 000 kr og -357 000 kr.

SAK 10 Arbeidsprogram for 2022–2026

Utkast til arbeidsprogram for perioden 2022–2026

1 Innleiing

Stoda for nynorsk i dag er delt. I dei sterkaste områda, dei såkalla kjerneområda, aukar bruken av og statusen til nynorsken. Samstundes aukar presset i utkanten av kjerneområda, dei såkalla randsonene. Her er språkskiftet stort, og nynorsk er mindre synleg i ålmenta.

Nynorsk er eit språk for heile Noreg, med eit ankerfeste i kjerneområda. Sterke kjerneområde styrkjer nynorsken som nasjonalspråk. Kjerneområda og nynorskbrukarane utanfor kjerneområda er gjensidig avhengige av kvarandre. Det finst nynorskbrukarar over heile Noreg, og utan dei som brukar og arbeider for meir nynorsk, er offisielle språkrettar og statusen til nynorsk som offisielt språkutsette.

Nedgangen i talet på nynorskelevar er i stort mon eit resultat av demografiske endringar. Det er viktig å sikre befolkningsgrunnlaget i nynorskområda, og Noregs Mållag må difor stø ein politikk som sikrar at det bur folk i nynorskområda, samstundes som nynorsken vert sikra i byane.

Nynorsk er ein livskraftig skriftkultur med stor tekstproduksjon og stadig nye forfattarar skriv nynorsk. Det vert skrive meir nynorsk enn nokon gong, og motstanden mot nynorsk er mindre enn han var. Nynorsken er meir enn eit skriftspråk, han er òg ein kultur og ein identitet. Noreg er eit fleirspråkleg land, og nynorsk er ein sentral del av språkmangfaldet i Noreg.

Den 1.1.2022 tredde den nye språklova i kraft. Med det har Noreg fått ei lov som seier klårt frå om at det offentlege skal ta eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det mindre brukte norske språket. Dette er viktig for å kunne få på plass dei politiske tiltaka som må til for å sikre reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk, og sikre nynorsk som ein livskraftig skriftkultur med trygge brukarar.

2 Fem prioriterte saker

- **Gjennomføring av språklova**

Den nye språklova er svært viktig å følgje opp framover. Føremålsparagrafen i lova slår fast det offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk, som det minst bruka norske skriftspråket. Dette må føre til ein langt meir offensiv språkpolitikk.

- **Ny opplæringslov**

Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegget til ny opplæringslov. Særleg er språkdelt ungdomsskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må arbeidet for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale læremiddel, digitale læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.

- **Digitalisering og språkteknologi**

Utviklinga av språkteknologisk programvare, læringsverktøy, læremiddel og anna programvare har i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Det er viktig å leggja politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknologi i Noreg.

- 52
- **Lærer- og barnehagelærerutdanningane**
53 I dag er det ulik praksis for å gje nynorskopplæring i lærarutdanningane på dei ulike
54 utdanningsinstitusjonane. Lærarutdanninga må gjere framtidige lærarar kompetente til å
55 undervise på og i nynorsk, og barnehagelærerutdanninga må gjere barnehagelærarane i
56 stand til å førebu borna på å bli nynorskelevar. Staten og utdanningsinstitusjonane må ta
57 større ansvar for å oppnå dette.
 - **Organisasjon**
58
59 Noregs Mållag har auka medlemstalet frå 10.433 medlemmer i 2011 til 15.483 i 2021. Me må
60 vere i stand til å auke medlemstalet vidare og få fleire aktive medlemmer og lag. Ein større og
61 sterkare organisasjon gjer det mogeleg å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit
62 sjølvstendig mål å ha ein så sterk organisasjon som mogeleg. Det er òg viktig for å få større
63 politisk gjennomslag.
64
65

3 Opplæring

66
67 Det er i skulen nye nynorskbrukarar kjem til og fell frå. Både elevar som har nynorsk som hovudmål og
68 nynorsk som sidemål treng å møte mykje nynorsk i skulen for å ha eit reelt val om å kunne halde på og å
69 velje å bruke nynorsk seinare i livet. Difor er opplæringslova ei vel så viktig språklov som språklova. Den
70 nye opplæringslova kjem mest truleg til å bli vedteken i denne fireårsperioden, og arbeidet med lova
71 vert viktig å prioritere for Noregs Mållag.
72
73

3.1 Barnehage

74
75 I dag er det ikkje fastsett noko opplæringspråk for barnehagane. Det tyder at born som skal ta til med
76 nynorsk på skulen, i praksis kan gå gjennom barnehagen utan å møte nynorsk i det heile. Noregs Mållag
77 meiner at barnehagen må førebu borna i nynorskområda til å bli nynorskelevar, og at alle born skal
78 møte nynorsk og den lokale dialekten uansett kvar i Noreg dei bur.
79

80 Noregs Mållag meiner:

- Barnehageborn må få språklege rettar slik skuleelevar har.
- Rammeplanen for barnehagelærerutdanninga må krevje at barnehagelærarane skal kunne førebu borna på å bli nynorskelevar, og at alle skal møte nynorsk og den lokale dialekten, uansett kvar dei bur i Noreg.
- Barnehageborn skal møte nynorsk gjennom språkstimuleringsmaterieil, litteratur, leik og song.
- Alle barnehageeigarar, både offentlege og private, må ta ansvar for nynorsk.
- Mållaget sentralt skal arbeide saman med lokale mållag for lokale rammeplanar som seier noko om korleis borna skal møte nynorsk.

3.2 Skule

90
91 Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegget til ny opplæringslov. Særleg er språkdelt
92 ungdomsskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må arbeidet
93 for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale læremiddel, digitale
94 læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.
95

96 Noregs Mållag meiner:

- Nynorskelevar og bokmåselevar må gå i ulike grupper heile grunnskulen. Skulane må få tilstrekkelege midlar til å gjennomføre språkdeling.
- Det skal vere eigen karakter i sidemål gjennom heile ungdomsskulen og vidaregåande skule. Eksamen i sidemål på både ungdomsskulen og i vidaregåande skule skal vere obligatorisk, gjennomførast på ein eigen dag, og skal ha same krav som eksamen i hovudmål.

- 103 • Ordninga med rådgjevande skulemålsrøystingar skal vidareførast. Det må vere to tredjedels
104 fleirtal i kommunestyre for å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål.
105 • Det må setjast inn tiltak for å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål i ungdomsskulen og
106 vidaregåande. Elevar med nynorsk som hovudmål i vidaregåande skule skal få ekstra
107 konkurransepoeng for å hindre taktisk språkskifte og oppmode elevar til å halde på nynorsk.
108 • Opplæringspråket skal følgje eleven ut grunnskulen.
109 • Dei største byane må ha eit fast tilbod om nynorskklasse, utan minstekrav til elevar
110 • Opplæringspråket i skulen skal vere norsk, samisk eller norsk teiknspråk, og det må ikkje
111 opnast for forsøk med engelsk som opplæringspråk.
112 • Statsforvaltaren eller Språkrådet må føre tilsyn med at dei språklege rettane til nynorskelevane
113 etter opplæringslova ikkje vert brotne.
114 • Sentrallekken i Noregs Mållag må ha eit ekstra oppsyn med skulemålet i randsonene.
115 • Arbeidet for å vinne skulemålsrøystingar skal vere høgt prioritert.
116 • Det skal setjast i gang fleire positive sidemålsforsøk på nynorsk.
117 • Nynorskelevar skal ikkje misse språket sitt når skular vert lagde ned.
118 • Elevane må sikrast ei god sidemålsundervisning frå tidleg alder.
119 • Skuleiegar må ta ansvar for at lærarar som skal undervise i og på nynorsk, har naudsynt
120 kompetanse.
121 • Timetalet til for- og etterarbeid i norskfaget må aukast, slik at det samsvarer med
122 vurderingsbøra norsklærarar har.
123 • Fritaksregimet for vurdering i sidemål er for vidt.

3.3 Læremiddel

126 I 2024 er det 50 år sidan det vart lovfesta at alle lærebøker og læremiddel i andre fag enn norsk skal
127 liggje føre på både nynorsk og bokmål til same tid og til same pris. Det er framleis slik at nynorskelevane
128 ofte får læremidla sine seinare enn bokmåselevane. Med inntoget av digitale læremiddel har dette
129 forverra seg, og mange digitale læremiddel som vert brukte i skulen, finst berre på bokmål. Digitale
130 læremiddel og læringsplattformer på nynorsk er ei av dei viktigaste sakene Noregs Mållag skal arbeide
131 med i arbeidsprogramperioden.

132
133 Noregs Mållag meiner:

- 134
- 135 • Definisjonen av kva eit læremiddel er i opplæringslova, må femne om meir, slik at skuleeigar
136 ikkje kan fylle skulekvardagen til nynorskelevane med digitale læringsressursar på bokmål og
137 engelsk.
 - 138 • Skuleeigar må ta ansvar for å kjøpe inn og bruke digitale verktøy som finst på nynorsk.
139 Skuleeigar må òg sikre at nynorskversjonen vert brukt. Hovudmålet til eleven skal vere
140 standardinnstilling på alle digitale læremiddel og læringsverktøy.
 - 141 • Det må finnast ei kvalitetssikra liste over digitale læremiddel som finst på både nynorsk og
142 bokmål.
 - 143 • Det skal gå minst eitt år frå ein læreplan blir vedteken, til han blir innført, slik at forlaga får god
144 nok tid til å produsere både nynorsk- og bokmålsbøker.
 - 145 • Retten foreldre har til å be om bokmålsbøker til nynorskelevane i andre fag enn norsk, må
146 opphevast.
 - 147 • Språkdelte bøker i norskfaget skal ikkje ha overvekt av bokmål. Ei eventuell skeivfordeling må
148 vere i favør av nynorsk.
- 149
150

3.4 Lærarutdanningane

152 I dag er det ulik praksis for å gje nynorskopplæring i lærarutdanningane på dei ulike
153 utdanningsinstitusjonane. Etterutdanningstilbodet i nynorsk er òg for dårleg. I det heile finst det ikkje
154 eit system for å sikre at lærarutdanninga gjer framtidige lærarar kompetente til å undervise på og i

155 nynorsk som hovudmål. Det er viktig at alle lærarar, også dei som underviser i andre fag enn norsk, kan
156 bruke nynorsk som undervisningsspråk.

157

158 Noregs Mållag meiner:

159

- 160 • Norsk skal vere obligatorisk fag også på grunnskulelærarutdanninga for 5.–10. klasse.
161 Lærarstudentar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i den vidaregåande skulen, skal ikkje
162 få fritak i lærarutdanninga.
- 163 • Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både
164 nynorsk og bokmål.
- 165 • Det må stillast krav til kva skriftleg dugleik studentane skal gå ut av utdanninga med, og
166 nynorskkompetansen må kome fram på vitnemålet. Det skal gjennomførast nasjonale
167 deleksamenar for å sikre dette.
- 168 • Lærer- og lektorstudentane som skal undervise i norsk, må få opplæring i nynorskdidaktikk.
- 169 • Lærarutdanningane må leggje grunnlaget for at lærarstudentane går ut av utdanninga med
170 gode haldningar til nynorsk.

171

172 3.5 Nynorsk for vaksne innvandrarar

173 Alle nynorskkommunar skal ha nynorsk som opplæringsspråk for vaksne innvandrarar. At dei vaksne får
174 opplæring på det same språket som borna i ein kommune, og på same språk som all kommunal
175 informasjon vert formidla på, er ein føresetnad for å kunne bli ein del av det lokalsamfunnet ein er bur
176 i.

177

178 Noregs Mållag meiner:

179

- 180 • Opplæringsspråket skal vedtakast av kommunestyret.
- 181 • Opplæringa i nynorskkommunane skal vere på nynorsk.
- 182 • Læremiddel for vaksne innvandrarar må inn under opplæringslova, og dei må kome på same tid
183 og til same pris på bokmål og nynorsk.
- 184 • Arbeidsinnvandrarar frå EØS-området skal ha rett til norskundervisning. I nynorskkommunar
185 skal denne opplæringa vere på nynorsk.
- 186 • Kommunane skal sikre at ordninga med språkpraksis vert gjennomført slik at vaksne
187 innvandrarar får gode høve til å lære det lokale talemålet.

188

189 3.6 Høgare utdanning og forskning

190 Norsk språk er under press i academia, og med det også nynorsk. Engelsk er meir og meir brukt både i
191 pensumlitteratur, i undervisning og i vitenskapleg arbeid. Det er viktig at norsk fagspråk vert utvikla og
192 brukt i høgare utdanning, men òg at studentane møter nynorsk i studiekvardagen.

193 Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for at studentane faktisk har høve til å bruke nynorsk på
194 eksamen og i andre innleveringar.

195

196 Noregs Mållag meiner:

197

- 198 • Høgare utdanning må ta større ansvar for å ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk.
199 Universitets- og høgskulesektoren må ha språkstrategiar for fremje norsk og særleg nynorsk på
200 sine institusjonar, både som fagspråk og som administrasjonsspråk.
- 201 • Universitets- og høgskulesektoren må bli målt på språkpraksis, og det må vere eit tema i
202 styringsdialogen med departementet.
- 203 • Universitet og høgskular må stille krav til at utanlandske forskarar som blir tilsette, skal lære seg
204 norsk innan ei viss tid, slik at dei kan undervise og formidle på norsk.
- 205 • Det må finnast lærebøker og pensum på nynorsk, særleg i dei store faga med mange studentar.
- 206 • Universitets- og høgskulesektoren skal stimulerast til å publisere på nynorsk.

- 207 • Finansieringssystemet i høgare utdanning må premiere formidling til ålmenta og utgjeving av
208 lærebøker på norsk, særleg nynorsk.
209 • Kunnskapsutvikling og forskning på nynorskfeltet er viktig for Noregs Mållag, og sentrallekken
210 skal formidle dette vidare i organisasjonen.
211 • Studentmållaga er særleg viktige samarbeidspartnarar for Noregs Mållag i spørsmål om høgare
212 utdanning.
213 • Retten til eksamen på nynorsk må styrkjast og utvidast til å gjelde på private institusjonar.
214 • Retten skal utvidast til å omfatte oppgåveteksten i obligatoriske arbeidskrav.
215 • Studentane skal møte pensum på norsk, og ein del av pensumet skal vere på nynorsk.

4 Kultur- og mediefeltet

4.1 Kringkasting

221 NRK står heilt i særstilling med tanke på bruk av nynorsk i kringkasting og på nett for riksdekkjande
222 medium. NRK og TV2 er allmennkringkastarar, og difor er det viktig at både NRK og TV2 brukar meir
223 nynorsk.

224 Noregs Mållag meiner:

- 225
- 226 • Måten NRK måler nynorskbruken sin på, må endrast, slik at han syner meir reell fordeling
227 mellom nynorsk og bokmål. Statistikken bør vere mest mogeleg differensiert, og må måle bruk
228 på alle flater og i sosiale medium. Det må vere minst 25% nynorsk på nrk.no.
229
 - 230 • Det må vere tydelegare krav til nynorskbruk både skriftleg og munnleg i TV2
 - 231 • NRK Nynorsk mediesenter i Førde må sikrast gode vilkår.
 - 232 • NRK skal sikre at nynorsk vert brukt av alle distriktskontor, og at distriktskontora i
233 nynorskområda skal ha eit særleg ansvar for å bruke nynorsk .
 - 234 • Det er særleg viktig at NRK Super innfrir nynorskprosenten og presenterer eit breitt spekter av
235 dialektar i tillegg til nynorsk normaltalemål.
 - 236 • Kravet om at minst 40 prosent av musikken som vert spelt på NRK skal vere norsk, må haldast
237 oppe.
 - 238 • Det er viktig å halde på kravet om nynorsk normert tale i nyhendesendingar på NRK.

4.2 Digitale medium

241 Dei fleste digitale medium er i dag drivne og utvikla av store internasjonale selskap som i varierende
242 grad tek språkleg ansvar. Folk må få møte nynorsk i desse kanalane.

243 Noregs Mållag meiner:

- 244
- 245 • Støtteordningane frå staten til å utvikle dataspel må stille språkkrav og sikre at det kjem
246 dataspel med nynorsk tekst og tale.
 - 247 • Dei internasjonale aktørane må bidra til meir norsk språk i strøymetenestene, både i tale og
248 tekst.
 - 249 • Norske styresmakter må arbeide for at internasjonale selskap sikrar nynorskversjonar av dei
250 digitale plattformene.
 - 251 • Wikipedia og Facebook har ein hatt stor suksess med dugnadsarbeid for å få til ein
252 nynorskversjon. Dette er eit område som er eigna for kampanjeverksemd og lokale dugnader.

4.3 Pressa

253 Språket i pressa er viktig for at nynorsk skal vere synleg i ålmenta. Fleire riksaviser har opna for nynorsk

258 på redaksjonell plass. Nynorsken finn me i størst grad i dei riksdekkjande meiningsberande avisene og i
259 regions- og lokalaviser. Særleg den rike lokalavisfloraen i Noreg er viktig for å halde oppe statusen til og
260 bruken av nynorsk.

261

262 Noregs Mållag meiner:

263

- 264 • Det må bli meir nynorsk i riksavisene, og alle riksavisene må opne for nynorsk på redaksjonell
265 plass.
- 266 • Det må vere gode vilkår for dei mange nynorske lokalavisene, for dei nynorske riksmedia Dag og
267 Tid, Framtida.no og Nynorsk Pressekontor og for dei meiningsberande riksavisene.
- 268 • Nynorsk avissenter i Førde er ein viktig aktør for å sikre tilgangen til gode nynorskjournalistar,
269 og dei må ha gode vilkår.
- 270 • Journalistutdanningane må sikre kompetanse om nynorskjournalistikk og utdanne journalistar
271 som kan skrive nynorsk.
- 272 • Både den direkte og den indirekte pressestøtta skal favorisere nynorsk.

273

274 4.4 Litteratur og bibliotek

275 Den nynorske litteraturen er stor og rik, og det kjem stadig til nye gode nynorske forfattarar. Dette er
276 eit teikn på ein livskraftig skriftkultur. Det er viktig at breidda i denne er tilgjengeleg i heile Noreg.

277

278 Noregs Mållag meiner:

279

- 280 • Det er viktig å sikre Samlaget si løyving over statsbudsjettet, gode tilskotsordningar for nynorsk
281 litteratur i andre forlag og gode stipend for nynorske forfattarar.
- 282 • Ein må sikre at bokhandlarane tek inn og profilerer nynorsk bøker, særleg i nynorskområde.
- 283 • Det må vere eit breitt utval av nynorske lydbøker.
- 284 • Den kulturelle skulesekken skal formidle eit rikt utval av nynorsk kultur til barn og unge.
- 285 • Barne- og ungdomslitteratur som er omsett til nynorsk, må kome inn under innkjøpsordninga.
- 286 • Biblioteka har eit særleg ansvar for å formidle nynorsk litteratur, og det må tematiserast i
287 bibliotekarutdanninga.
- 288 • Biblioteka og innkjøpsordninga er viktige for tilgangen på nynorsk litteratur i heile landet.
289 Endringar i kommunestrukturen må ikkje føre til eit dårlegare bibliotektilbod.
- 290 • Skuleelevar må ha tilgang til gode skulebibliotek.
- 291 • Det er viktig å hauste røynslene frå Nynorske pilotbibliotek for å sjå om dei kan overførast til
292 lokal- og fylkeslag, og til bibliotekutdanninga.

293

294

295 4.5 Teater og film

296 Teater og film er viktige for å spegle det norske mangfaldet, også språkleg.

297

298 Noregs Mållag meiner:

299

- 300 • Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg og skal ha same løyving over
301 statsbudsjettet som Nationaltheatret.
- 302 • Det er viktig å stø opp om dei regionale teatera som spelar på nynorsk og å fremje nyskriven
303 nynorsk dramatik.
- 304 • Det må haldast opp gode stønadsordningar for filmproduksjon som speglar det norske
305 språk mangfaldet.
- 306 • Dei regionale filmsentera må haldast oppe for å sikre geografisk og språkleg spreing i
307 filmproduksjonen.
- 308 • Fleire filmar må få nynorsk teksting.

- 309 • I barnefilmar er det viktig at det vert nytta ulike dialektar som får fram mangfaldet og gjer at
310 born lærer å forstå kvarandre.

311
312

313 5 Samfunnsliv

314 Det vert meir engelsk både i næringsliv og arbeidsliv. Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det
315 skal vere lettare å bruke nynorsk. Der nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig
316 at lagsliv, næringsliv, trudomssamfunn og partane i arbeidslivet nyttar nynorsk systematisk.

317

318 5.1 Næringsliv og arbeidsliv

319 Noregs Mållag skal:

320

- 321 • ha kontakt med både arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida for å fremje nynorsk i arbeidslivet
- 322 • stø arbeidstakarsida gjer for meir nynorsk i det lokale næringslivet
- 323 • dele ut Nynorsk næringslivspris
- 324 • vidareføre og utvikle #nynorskverksemd-kampanjen saman med lokallaga
- 325 • arbeide for at destinasjonsselskapa i nynorskområde skal bruke nynorsk
- 326 • arbeide for meir nynorsk næringsliv. Dei store kjøpesentera, butikkjedene og
- 327 landbruksamvirka er særleg viktige

328

329 5.2 Friviljuge organisasjonar

330 Noregs Mållag meiner:

331

- 332 • Det er særleg viktig at lag og organisasjonar som arbeider med barn og unge, nyttar nynorsk.
- 333 • Når friviljuge organisasjonar driv kampanjar over heile Noreg, bør me krevje at dei lagar
- 334 materiell på nynorsk.
- 335 • Frivillighet Norge er ein særleg viktig organisasjon å samarbeide med for å få lag og
- 336 organisasjonar til å bruke meir nynorsk.
- 337 • Målrørsla bør motivere frivillige organisasjonar til meir og betre bruk av nynorsk i
- 338 lagsverksemda.

339

340 5.3 Religion og livssyn

341 Trudoms- og livssynsamfunn som får statsstøtte, skal møte eit krav om å gje born og unge i
342 nynorskområde nynorsk trusopplæringsmateriell. Den Norske Kyrkja skal praktisere reglane i språklova
343 om bruk av nynorsk og bokmål i staten.

344

345

346 5.4 Samarbeid med andre språkgrupper i Noreg

347 Noregs Mållag stør mindretals- og minoritetsspråkbrukarar sin kamp for språklege rettar og står
348 solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg. Me ynskjer å samarbeide
349 med organisasjonar for samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk i relevante saker.

350

351 6 Det offentlege Noreg

352 Staten har ansvar for å ta vare på og halde oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det
353 tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er den nye språklova. Språklova slår fast at det offentlege
354 Noreg har eit særleg ansvar for å fremje det minst brukte språket nynorsk. Me skal halde auge med
355 korleis fylkeskommunane vil følgje opp dei nye pliktene og det språkpolitiske ansvaret dei har fått etter
356 lova.

357

358 Nynorsk kommunane er svært viktige for å halde det nynorske skriftspråket oppe og å hegne om det.
359 Kommunane er store skriftspråkprodusentar og utgjør ei viktig motvekt til det dominerande bokmålet.
360

361 6.1 Oppfølging av språklova

362 Den nye språklova er svært viktig å følge opp framover. Føremålsparagrafen i lova slår fast det
363 offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk, som det minst bruka norske skriftspråket. Dette
364 må føre til ein langt meir offensiv språkpolitikk.
365

366 Noregs Mållag har tre overordna mål for perioden for den nye språklova:
367

- 368 1. Føremålsparagrafen må gjerast til røyndom og godt kjent for stat, kommunar og
369 fylkeskommunar. Denne oppgåva er særleg viktig andsynes opplæringssektoren.
370
- 371 2. Lova må følgjast opp for dei som har plikter og ansvar, mellom anna ved språkplanar.
372
- 373 3. Me må arbeide for å styrkje språklova, særleg kravet om at kvar tilsett i staten skal meistre
374 nynorsk og retten for språkorganisasjonar til å klage. Det må vere sanksjonar for brot på den
375 nye språklova. Reglane i språklova om bruk av nynorsk og bokmål i staten skal også gjelde for
376 den administrative delen av Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodet og andre organ for
377 Stortinget.
378
379

380 6.2 Kommune, fylkeskommune og stat

381 Noregs Mållag meiner:
382

- 383 • Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål skal grunnlovsfestast.
- 384 • Både staten, fylkeskommunar og kommunar må ha språkbruksplanar som peikar på tydeleg
385 leiaransvar for å sikre og fremje bruk av nynorsk.
- 386 • Departement og statlege organ må prioritere å få opp nynorskkompetansen blant eigne tilsette
387 framfor å bruke nynorske omsetjingsbyrå eller -program.
- 388 • Språkrådet må styrkjast og må få heimel til å føre tilsyn og kontroll med at kommunar og
389 fylkeskommunar gjer det dei skal etter språklova.
- 390 • Det må vere klare krav til språk i dei nasjonale standardane for digitale tenester.
- 391 • Nynorsk må vere med i alle krav til offentlege innkjøp og det må utarbeidast standardar for
392 språkkrav i offentlege innkjøp.
- 393 • Den fylkeskommunale språkpolitikken må følgjast opp særskilt.
- 394 • Dei nyss samanslegne kommunane og fylkeskommunane, der stoda for nynorsk er usikker, må
395 følgjast opp særskilt.
- 396 • Nynorsk skal tene på eventuelle strukturendringar i det offentlege Noreg og Noregs Mållag skal
397 følgje opp slike prosessar.
- 398 • Nye lover skal vedtakast på nynorsk til vi når målet om at 25 % finst på nynorsk. Nynorske lover
399 skal ha tilhøyrande forskrifter på nynorsk.
- 400 • Ny forvaltingslov skal kome i parallelle versjonar på nynorsk og bokmål, på same måte som
401 Grunnlova, dersom ho ikkje blir vedteken på nynorsk.
- 402 • Statlege nettstader skal veksle 50/50 mellom nynorsk og bokmål. I påvente av dette bør alle
403 statlege nettsider som finst i parallellutgåve ha nynorsk som standardval.
- 404 • 25 prosent av teksten frå Slottet og minst éin av trontalane i kvar stortingsperiode bør vere på
405 nynorsk. Kongehuset bør bidra til å fremje nynorsk.
406

407 6.3 Språkteknologi

408 Utviklinga av språkteknologisk programvare som automatisk omsetjing, taleattkjenning og liknande har
409 i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor

410 grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Politisk press på
411 dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknologi i Noreg, er viktig.

412

413 Noregs Mållag meiner:

414

415 • Staten må ta ansvar for at tilgjengeleg språkteknologi vert like breitt utvikla for nynorsk som for
416 bokmål.

417 • Noreg må få taleattkjenningsteknologi som forstår nynorsk og norske dialektar og talesyntese
418 både på nynorsk og bokmål.

419 • Kvalitetssikra maskinomsetjing på nynorsk er viktig, og omsetjingsprogram må inkludere heile
420 breidda i den nynorske rettskrivinga. Maskinomsetjing må brukast for å gjere nynorsk meir
421 tilgjengeleg og ikkje for å lempe på kompetansekrav.

422 • Arbeidet med nynorsk terminologi i det offentlege må styrkjast slik at språkteknologi kan
423 fungere på nynorsk i alle sektorar.

424 • Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og språksamlingane i ved Universitetet i Bergen må ha
425 gode vilkår, og materialet deira må vere tilgjengeleg for forskarar og utviklarar av
426 språkteknologi.

427

428 7 Organisasjon

429 Noregs Mållag har hatt ein stor auke i medlemstalet dei siste ti åra, frå 10.433 medlemmer i 2011 til
430 15.483 i 2021. Me må vere i stand til å auke medlemstalet vidare og få fleire aktive medlemmer og lag.

431 Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogeleg å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit
432 sjølvstendig mål å ha ein så sterk organisasjon som mogeleg. Det er òg viktig for å ha større politisk
433 gjennomslagskraft.

434

435 7.1 Sentrallekken og lokal- og fylkeslaga

436 Noregs Mållag skal arbeide for:

437 • vekst i medlemstalet kvart år og å halde på medlemene som melder seg inn

438 • å engasjere nye medlemmer og få dei til å bli aktive i organisasjonen

439 • å få fleire yngre medlemmer inn i styreverv i lokal- og fylkeslag

440 • at lokal- og fylkeslaga får ein meir aktiv posisjon i den lokale måldebatten, særleg andsynes
441 kommunar og skule

442 • at fleire av laga våre er i stand til å vere lokale vaktbikkjer og motivatorar. Sentrallekken skal gje
443 dei støtte, skulering og dele informasjon

444 • å stø lokal- og fylkeslaga med å påverke program og kandidatar før lokalvala i 2023, og heile
445 organisasjonen må arbeide mot stortingsvalet i 2025

446 • å leggje til rette for ideutveksling mellom lokal- og fylkeslaga

447 • å tilby digitale kurs for lokal- og fylkeslag og medlemmer gjennom året

448 • å leggje til rette for samarbeid om felles mål og saker, mellom NMU lokalt og lokallaga i Noregs
449 Mållag

450 • å stø dei laga som treng det mest, i randsonene og andre område som særleg er viktige for
451 nynorsken

452 • å oppmode fylkeslaga til å lage kampanjar for nynorsk skattemelding

453 • å samarbeide med yrkesmållaga der det er relevant

454 • å lage eit årshjul for lokallaga med sentrale fristar, tilskipingar og liknande

455 • for å få eit nærare samarbeid med Landssamanslutninga av nynorskkommunar i saker andsynes
456 kommunane, og særleg i saker som har med stoda i skulen og med kommunale språkvedtak å
457 gjere

458 • å kjøpe eige kontorlokale

459 • at Norsk Tidend, medlemsavisa for Noregs Mållag, skal kome ut jamleg

460

461 7.2 Dialekt

462 Fleire stader er dialektane under sterkt press. Mange av lokallaga i Noregs Mållag driv viktig dialekt- og
463 stadnamnarbeid. Det er viktig å dele gode døme på slikt arbeid mellom laga våre i ein ressursbank eller
464 liknande, og sentrallekken skal leggje til rette for det.

465

466

467 7.3 Tilskipingar

468 Å finne ein god balanse mellom digitale og fysiske samlingar er viktig framover. Dei digitale seminara
469 har vore vellukka og er komne for å bli.

470

- 471 • Sentrallekken skal kvart år skipe ei samling for unge vaksne.
- 472 • Alle nyvalde leiarar skal få tilbod om skulering frå sentrallekken.
- 473 • Det skal skipast minst eitt fysisk nasjonalt seminar kvart år.
- 474 • Alle fylkeslaga skal vitjast. Den nye digitale røyndomen gjer at me skal vitje fleire
475 lokallagsårsmøte digitalt.
- 476 • Noregs Mållag skal ha nynorskstafett kvar haust.

477

478 7.4 Norsk Målungdom

479 Noregs Mållag skal samarbeide tett med Norsk Målungdom. Organisasjonane skal halde kvarandre
480 oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som høyringar og røystingar. Dei skal ha god
481 kontakt og fordele saker mellom kvarandre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeide om
482 politisk påverknad, der Norsk Målungdom har hovudansvaret for ungdomspartia.

483

484

485 7.5 Noregs Mållag skal markere desse jubilea:

486 Vedtaket om rett til lærebøker på begge målformer (i lov om vidaregåande opplæring) vart gjort i
487 Odelstinget 20. mai 1974 og har såleis 50-årsjubileum i mai 2024.

488 Utkastet til Nynorsk Salmebok var ferdig i 1925, og har såleis 100-årsjubileum i 2025.

489 Vedtaket om å endre namn frå Kristiania til Oslo vart gjort 11. juli 1924 i Stortinget og var gjeldande frå
490 1. januar 1925. Vedtaket har såleis 100-årsjubileum i 2024.

SAK 11 Innkomne framlegg

FRAMLEGG FRÅ STYRET I HORDALAND MÅLLAG TIL LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG 2022:

Kartlegging av og utgreiing om personalressursane i Noregs Mållag

Landsmøtet i Noregs Mållag vil at styret leier eit arbeid med å gje svar på avgjerande spørsmål om personalressursane i samskipnaden. Kartlegginga av og utgreiinga om personalressursane skal gjerast av ei gruppe sett saman av minst åtte personar: to frå styret, to frå skrifvarstova og minst fire frå fylkeslaga; i fyrste rekkje frå fylkeslaga med tilknytning til randsone. Styret har fullmakt til å peika ut dei fire fylkeslagsrepresentantane, etter innspel frå fylkeslaga. Styret og arbeidsgruppa skal informera lokallaga og fylkeslaga i samskipnaden om arbeidet og ta imot idear og framlegg frå dei. Kartlegginga og utgreiinga skal munna ut i eit framlegg frå styret til landsmøtet i 2024 om korleis Noregs Mållag skal bruka personalressursane sine.

Utgreiinga om personalressursane skal visa korleis Noregs Mållag og/eller fylkeslag i samskipnaden kan administrera og finansiera stillingar med regionalt ansvarsområde, korleis stillingane skal vera knytte administrativt til skrifvarstova og/eller fylkeslaget/fylkeslaga, og kva arbeidsoppgåvene i desse stillingane skal vera. Utgreiinga skal òg svara på om Noregs Mållag bør og kan ha eigne regionale einingar, kva tilknytning dei i så fall skal ha til skrifvarstova og fylkeslaga, kvar dei skal lokaliserast, korleis dei skal organiserast og kva dei skal driva med. Utgreiinga skal dessutan ta opp korleis Noregs Mållag kan få økonomisk grunnlag for å ha fleire personalressursar.

Grunnlag og grunngeving for framlegget:

I dag arbeider alle fast tilsette i Noregs Mållag i éi administrativ eining med éin felles kontorstad: skrifvarstova i Oslo. Samstundes har landsmøta i 2011, 2016, 2018 og 2020 handsama framlegg frå fylkeslag og lokallag som på ulike måtar gjeld spørsmålet om korleis Noregs Mållag kan finansiera meir lokalt og regionalt arbeid, til dømes gjennom regionalt tilsette i Noregs Mållag eller gjennom fylkeslagsleiarar som Noregs Mållag kjøper fri til å arbeida regionalt.

Bakgrunnen for ynsket om å ha personalressursar lokalt og regionalt er mykje den same: Det trengst meir arbeid og innsats «[i] randsone i Agder-fylka, Telemark, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen, på Nordmøre, i Romsdal og rundt byane på Vestlandet.» Dette sitatet frå det gjeldande arbeidsprogrammet i Noregs Mållag peikar ut randsone for nynorsken; grensefelte mellom kjerneområda for nynorsk og for bokmål.

I randsone gjeld det å hindra det individuelle og kollektive målbytet frå nynorsk til bokmål i skulen, høvesvis gjennom eleven og skulekrinsen. For målbytet i skulen trugar stoda for nynorsken, både no i randsone og seinare i kjerneområda. Som eitt enkelt statistisk faktum frå Utdanningsdirektoratet, henta på <https://gsi.udir.no/>, viser: Bergen kommune har 511 færre nynorskelevar i 2021 enn i 2011 (827 nynorskelevar i 2011 og 316 i 2021) og 568 fleire bokmåselevar (27999 bokmåselevar i 2011 og 28567 i 2021). Grunnen til dette er at færre vel nynorsk på nynorskskulane i Bergen og at kommunen har strukturert bort nynorskskular; ein språknøytral kommune som vil vera positiv til nynorsken. Om ikkje anna viser dette at bokmålsdominansen i dei tettstadene og byane som er geografiske sentrum for randsone, er så sterk at målarbeid på fritida ikkje kan hindra bokmål i å ta over for

nynorsk. Korleis kan målrørsla då få foreldra i randsonene til å velja nynorsk som hovudmål for skuleborna sine, ungdomane til å velja nynorsk i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen, og rektorane, kommuneleiinga og politikarane til å fremja nynorsk i skulen og samfunnet? Korleis kan Noregs Mållag bruka personalressursane sine best i denne situasjonen?

Desse tilhøva i Noregs Mållag og for nynorsken viser trongen for å kartleggja korleis personalressursane i samskipnaden er nytta i dag og kvifor dei er nytta slik, og for å greia ut korleis samskipnaden på visse vilkår kan bruka personalressursane annleis og på fleire stader enn i dag.

Framlegg til vedtak:

Styret i Noregs Mållag rår landsmøtet til å vedta framlegget.

SAK 12 Val

Valnemndsleiar Helen Johannessen innleier til val av styre. Leiar Peder Lofnes Hauge legg fram innstillinga på ny valnemnd for 2022–2024 og revisor for 2022 og 2023.

Denne saka inneheld tre vedtakspunkt:

- 12.1 Val av styre
- 12.2 Val av valnemnd
- 12.3 Val av revisor

12.1 Val av styre

Styret har i arbeidsåret 2020–2022 vore:

leiar	Peder Lofnes Hauge (AU)	
nestleiar	Synnøve Marie Sætre (AU og fungerande leiar i foreldrepermisjonen til leiar)	
styremedlem	Inger Johanne Sæterbakk (AU)	
styremedlem	Anders Riise	
styremedlem	Kjetil Aasen	
styremedlem	Ellinor Bergli Bustad	
styremedlem	Gunnhild Skjold	2020–2021, vald av NMU
styremedlem	Frida Pernille Mikkelsen	2021–2022, vald av NMU
1. vara	Bjørn Seljebotn	
2. vara	Birgitta Lim Erslund	
3. vara	Reidun Ramse Sørensen	
4. vara	Øystein Skjæveland	
1. vara NMU	Gunnhild Skjold	
2. vara NMU	Ingunn Vespestad Steinsvåg	

Innstilling frå valnemnda til styre for 2022–2024:

leiar	Peder Lofnes Hauge	attval
nestleiar	Synnøve Marie Sætre	attval
styremedlem	May Britt Jensen	NY
styremedlem	Anders Riise	attval
styremedlem	Inger Johanne Sæterbakk	attval
styremedlem	Kjetil Aasen	attval
styremedlem	Ein representant vald av NMU	
1. vara	Espen Tørset	NY
2. vara	Tove Eidhammer	NY
3. vara	Reidun Ramse Sørensen	attval
3. vara	Bjørn Seljebotn	attval

PEDER LOFSNES HAUGE: f. 1989. Frå Gloppen, men bur i Bergen, saman med Line og tre born. Utdanna grunnskulelærer. Tidlegare folkevald og mangeårig politisk rådgjevar for Venstre i byrådet i Bergen. Blei vald inn i styret i Noregs Mållag i 2016, nestleiar frå 2018 og leiar frå 2020.

SYNNØVE MARIE SÆTRE: f. 1990 og er frå Ørsta. Ho er lærar ved Ulstein vidaregåande skule. Ho har vore aktiv i målrørsla sidan 2011 då ho vart med i skriftstyret i Mål og makt. Har sidan sete i Studentmållaget i Oslo og sentralstyret i Norsk Målungdom. Ho var leiar i NMU 2015-2017 og sat i styret i Noregs mållag i same periode som representant for NMU. Har også sete i styret i Sunnmøre Mållag og er varamedlem i Ørsta mållag. Er 1.vara i kommunestyret i Ørsta for SV. Har tidlegare sete i fagrådet for Nynorsksenteret og har arbeidd som formidlar i Aasen-tunet. Har vore nestleiar i Noregs Mållag førre periode og har i periodar fungert som leiar.

MAY BRITT JENSEN: f. 1965. Frå Bømlo i Sunnhordland, men har arbeidd og budd i små kommunar i Rogaland sidan ho var nyutdanna naturforvaltar frå Landbrukshøgskulen på Ås i 1989. Har vore fylkesmiljøvernssjef i Rogaland i 13 år. I mai i fjor vende ho tilbake til kommunebyråkratlivet som ny kommunedirektør i Utsira. Ho har alltid hatt nynorsk som det viktigaste arbeidsspråket og er særleg glad i nynorsk som språkhistorie, demokrati-historie og samfunnsutviklingsdrivar. Vidare likar ho å skrive litt banale Haiku på Nynorsk PG, har ei eiga FB gruppe på det. Og å lese ny og gamal nynorsk litteratur, gjerne dikt og songtekstar. Ho har vore med å restarte Rennesøy mållag. Men det er no på veg inn i i Stavanger på grunn av kommunesamanslåing. Utsira er utan lokallag, men har ein veg oppkalla etter lokal språkstrid: «Nynorskvegen». Og er med det eit godt mikrodøme på nasjonal målkamp.

ANDERS RIISE: f. 1969, frå Hareid, Sunnmøre. Representerer partiet Høgre og har vore ordførar i Hareid frå 2011-2019. Han er gruppeleiar for Høgre i fylkestinget i Møre og Romsdal og har vore vara til Stortinget. Han er utdanna paramedic og har vore leiar for ambulansenesta. Språkpolitisk er det digitale hjelpemiddel for nynorskbrukarar som er den viktigaste saka, men òg gode vilkår og rettar for nynorskbrukarar. Han har sete i styret i Noregs mållag i perioden 2020-2022.

INGER JOHANNE SÆTERBAKK: f. 1981 i Bodø, voks opp i Orkdal og bur no i Oslo der ho jobbar som språkkonsulent på Det Norske teateret. Ho har sete i styret i Noregs mållag sidan 2016, og har dei siste åra leia arbeidet med nytt prinsippprogram. Sæterbakk har brei organisasjonserfaring i og utanfor målrørsla og har tidlegare vore leiar i Tromsø Mållag, Troms og Finnmark Mållag og Mediemållaget, sete i styret i Varanger Mållag og Studentmållaget i Oslo, vore bladstyrar for Motmæle, medlemsbladet til Norsk Målungdom, og leiar for NMU-laget Måltrælan i Orkdal. Inger Johanne var del av det første kullet på Nynorsk Mediesenter og arbeidde som journalist og kommunikasjonsrådgivar i mange år etter det. Ho er fast spaltist i Nationen og barne- og ungdomsforfattar på Aschehoug forlag.

KJETIL AASEN: f.1978, oppvaksen i Oslo og Fredrikstad, busett Oslo. Jurist og språkvitar (mastergrad i lingvistik med nordisk, tysk og irsk i tillegg) frå Universitetet i Oslo. Han arbeider i sekretariatet til det regjeringsoppnemnde teiknspråkutvalet i Kultur- og likestillingsdepartementet og har permisjon frå ei stilling som protokollsekretær i Høgsterett. Han har lang røynsle som språkbyråkrat og var tilsett i Språkrådet (seksjon for språk i skule og offentleg forvaltning) 2008-2019, arbeidde dessutan i Kulturdepartementet (avdeling for tru, livssyn og kulturvern) 2015-2016 med språkpolitiske saker som arbeidsfelt. Han var styremedlem i Østfold Mållag 2014-2019, nestleiar frå 2016. Han har hatt verv i Studentmållaget i Oslo, medlem i Skuleboknemnda og bladstyremedlem i Mål og Makt. Han har sete i styret i Noregs mållag i perioden 2020-2022.

ESPEN TØRSET, f. 1979, er frå Skaun, bur i Orkland. Han er lektor ved Orkdal vidaregåande skole og ved Skrivesenteret, NTNU. Han har sidan 2020 vore leiar for Trønderlaget. Han har også vore leiar for Skaun mållag. Sidan 2009 har Tørset vore redaktør for Jul i Trøndelag. Tørset har vore aktiv i kommunepolitikken, som kommunestyrerepresentant for SV (2003-2018) og leiar av ulike utval. No er han leiar av kontrollutvalet i Orkland kommune. Tørset har vore redaksjonsmedlem i Allkunne og han har skrive om stort og smått i ulike tidsskrift.

TOVE KARINA EIDHAMMER: f. 1950 i Haugesund, men vaks opp i Ølen i Sunnhordland, busett Oslo. Er utdanna cand. philol. med fransk hovudfag, nordisk og samfunnskunnskap i fagkrinsen. I tillegg to semester med filmstudiar i Paris og tekstvitenskap og toårig studium i kulturarbeid frå Høgskolen i Bø. Mesteparten av yrkeskarriera har Eidhammer undervist i norsk for utlendingar ved Rosenhof voksenopplæringscenter i Oslo. Har vore i styret i Kringkastingsringen og i styret av Vikværingen.

REIDUN RAMSE SØRENSEN: f. 1952 i Åmli i Agder og er i dag pensjonist. På gymnaset (1969-72) bytte ho frå nynorsk hovudmål til bokmål av same grunn som elevane byter skriftspråk i dag: Lærebøkene på nynorsk kom i handelen lenge etter at elevane hadde kjøpt bøkene på bokmål. Dessutan tykte ho det var like lett å skrive bokmål som nynorsk. Som yrkesaktiv opplevde ho at identiteten som nynorskbrukar var truga av det dominerande bokmålet. Ho har eksamen frå Politiskolen i Oslo, forretningsengelsk ved BI og 1. avd. juridicum gml. ordning. Sørensen har arbeidd i Politi- og lensmannsetaten, arbeide heime i 10 år, 16 år med inkasso og 11 år med utvikling av nytt datasystem for innfordring i Skatteetaten. Ho er stolt av nynorsk som bruksspråk. Sørensen har i fleire år leia Hadeland dialekt- og mållag. Politisk har Sørensen representert Gran Ap i to periodar i kommunestyre og planutval. No er ho vara til Utval for kultur i Innlandet fylkeskommune.

BJØRN SELJEBOTN:f.1952, frå Stordal på Sunnmøre, har budd i Bø i Telemark sidan 1989. Pensjonert lektor ved Bø vidaregåande skule med faga norsk, informatikk og religion. Aktiv medlem i Bø mållag. Har starta og sit som dagleg leiar i firmaet Nynodata, som utviklar omsetjingsprogram og anna nynorskrelatert programvare for offentleg sektor. Han har spesielt arbeidd med språkteknologi i skjeringspunktet mellom bokmål og nynorsk. Er oppteken av at nynorsk må bli eit aktivt bruksspråk på alle samfunnsområde, og at ein i lokale samanhengar må kunne velje anormerte former tilpassa den lokale dialekten for å styrkja nynorsk som identitetsskapande faktor. Seljebotn har vore 1.vara til styret i Noregs mållag i perioden 2020-2022 og møtt fast i denne perioden.

12.2 Val av valnemnd

Valnemnda for 2020–2022 har vore:

leiar	Helen Johannessen	
medlem	Åsmund Kvifte	
medlem	Øyvind Fenne	
medlem	Else Berit Hattaland	
medlem	Håkon Remøy	vald av NMU
1. vara	Hege Myklebust	
2. vara	Ola Haugen Havrevoll	
3. vara	Liv Eldegard Talle	
1. vara	Svein Soldal Eggerud	vald av NMU
2. vara	Anna Lovise Rekdal	vald av NMU

Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2022–2024:

leiar	Karl Peder Mork	
medlem	Birgitta Lim Ermland	
medlem	Øyvind Fenne	
medlem	Liv Eldegard Talle	
medlem	?	vald av NMU
1. vara	Hege Myklebust	
2. vara	Ola Haugen Havrevoll	
3. vara		
1. vara		vald av NMU
2. vara		vald av NMU

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Karl Peder Mork til leiar for valnemnda, med Birgitta Lim Ermland, Øyvind Fenne og Liv Eldegard Talle som faste medlemmer. Varafolk er i nummerert rekkjefylgje Hege Myklebust, Ola Haugen Havrevoll og xx.

12.3 Val av revisor

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2022 og 2023.

vedlegg

Lov for Noregs Mållag

Vedtøken 21. juli 1978, med brigde frå 26. juli 1980, 29. juli 1982, 28. juli 1983, 25. juli 1985, 30. juli 1987, 30. juli 1988, 26. juli 1992, 31. juli 1993, 28. juli 1995, 27. juli 1996, 26. juli 1997, 25. juli 1998, 31. juli 1999, 30. juli 2000, 29. juli 2001, 28. april 2002, 25. april 2004, 30. april 2006, 29. april 2007, 27. april 2008, 29. april 2012, 21. april 2013 og 17. april 2016.

I FØREMÅL

§ 1.1 Noregs Mållag vil arbeida for å gjera den norske målreisingstanken til røyndom.

II SAMSKIPNADEN

§ 2.1 Noregs Mållag er landssamskipnaden for laga i målørsla. Eit mållag skal ha minst 10medlemer.

§ 2.2 I Noregs Mållag kan den vera med som vil arbeida for målreisinga i samsvar med prinsippprogrammet og lova for samskipnaden.

§ 2.3 I regelen skal einskildlaga innanfor ein landslut samarbeida i eit fylkesmållag. Fylkesgrensene skal så langt råd samsvara med fylkesgrensene i Noreg. Ingen av dei noverande fylkeslaga i Noregs Mållag kan slåast saman eller delast mot deira eigen vilje. Fylkesmållaga må godta lova for Noregs Mållag, og grensene for desse laga skal vera godkjende av landsmøtet i Noregs Mållag. Eit fylkesmållag skal ha minst 3 lag.

§ 2.4 Yrkesmållag som er skipa for heile landet, kan vera med i Noregs Mållag når dei godtekløva for samskipnaden. Har eit slikt lag minst 3 einskildmållag, kan det få same rettane i Noregs Mållag som fylkesmållaga, etter vedtak på landsmøtet.

§ 2.5 Der det ikkje er fylkesmållag, kan einskildlag takast opp beinveges i landssamskipnaden. Landsmøtet avgjer slike saker etter tilråding frå styret.

§ 2.6 Folk som bur slik til at dei ikkje har høve til å vera med i eit mållag, kan vertabeinveges innmelde i Noregs Mållag gjennom fylkeslaget.

§ 2.7 Noregs Mållag kan til vanleg ikkje meldast inn i ein annan samskipnad. Noregs Mållag kan vera med i internasjonale samskipnader som har tilsvarande føremål som Noregs Mållag. Innmeldinga skal skje etter vedtak gjort av landsmøtet.

§ 2.8 Samskipnaden heiter Noregs Mållag på norsk, Nøørjen Giellesiebrre på sørsamisk, Vuona Giellasebrre på lulesamisk, Norgga Giellasearvi på nordsamisk og Norjan Kielijoukko på kvensk.

III NORSK MÅLUNGDOM

§ 3.1 Norsk Målungdom er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Einskildlag i NMU er einskildlag i Noregs Mållag, men NMU gjør egne vedtak om tuft, arbeidsprogram og lover somlaga i NMU arbeider etter. Desse vedtaka kan ikkje stri mot det breie grunnlaget som ligg i lovene og prinsippprogrammet til Noregs Mållag. Dette grunnlaget er sams for dei to organisasjonane.

§ 3.2 Norsk Målungdom svarar ei -1- krone for kvar medlem til Noregs Mållag.

§ 3.3 Landsmøtet til Norsk Målungdom vel ein representant til styret og ein representant tilvalnemnda i Noregs Mållag, begge med personlege varafolk. Vala skjer for eitt år i gongen.

§ 3.4 Tilhøvet mellom NM og NMU er nærare ordna gjennom samarbeidsavtalen.

IV PLIKTER

§ 4.1 Når eit lag er med i Noregs Mållag, har det skyldnad til, så langt det evnar, å gjerarøyndom av dei måla samskipnaden set opp i prinsippprogram og arbeidsprogram.

§ 4.2 Fylkeslaga, dei beinveges innmelde laga og yrkesmållaga skal syta for å få lovene sinegodkjende av Noregs Mållag. I tilfelle det er usemje innan styret i Noregs Mållag om godkjenning, skal saka leggjast fram for landsmøtet til avgjerd.

§ 4.3 Fylkesmållaga og yrkesmållaga skal senda melding til styret i Noregs Mållag omnyskipa og oppattskipa lag. Det same gjeld Norsk Målungdom.

§ 4.4 Alle laga skal på føreskriven måte senda årsmelding og andre meldingar om arbeidetsitt til styret i Noregs Mållag innan dei fristar styret fastset.

§ 4.5 Noregs Mållag fører medlemslistene for lokallag og fylkeslag, og pliktar å senda ut desse med jamne mellomrom. Laga pliktar å kontrollera dei og senda inn tillegg og rettingar.

§ 4.6 Noregs Mållag har faste årspengesatsar som vert vedtekne på kvart landsmøte. Landsmøtet tilrår ein lokal- og fylkessats. Årspengane vert kravde inn av Noregs Mållagsentralt, men dei laga som bed om det, har høve til å krevja inn årspengane

sjølve. Familiemedlemer betaler halv sentralsats. Lag som også er med i Noregs Ungdomslagkrev inn årspengane sjølve og betaler halv sentralsats. Medlemer i yrkesmållag som også er med i lokallag, svarar ikkje sentral sats gjennom yrkesmållaget. Heidersmedlemer i Noregs Mållag svarar ikkje årspengar til samskipnaden. Noregs Mållag skal innan 1. mars betala ut lokallags- og fylkeslagssatsen for årspengar som er betalte inn året før. Lag med lokal innkrevjing skal innan same dato betala årspengar for året før til fylkeslaget og Noregs Mållagsentralt.

V LANDSMØTET

§ 5.1 Noregs Mållag held landsmøte annakvart år. Landsmøtet fastset saklista. Kvart fjerdeår vert det vedteke eit langtidsarbeidsprogram for Noregs Mållag. Landsmøtet kan likevel vedta særskilt hovudoppgåve for komande toårsperiode.

Kvart landsmøte skal likevel ha føre desse sakene:

- a) årsmelding for siste landsmøteperioden
- b) årsoppgjer for dei to førre kalenderåra, med ettersynsmelding
- c) budsjett for dei komande to åra
- d) årspengar for dei to åra etter komande året
- e) val i samsvar med lova

§ 5.2 Omframnt landsmøte vert halde etter vedtak i styret, eller når det blir kravt av så mange lag at representasjonsretten deira svarar til ein tredel av dei som har møterett på landsmøtet. På slike landsmøte kan det ikkje gjerast vedtak i andre saker enn den/dei somvar årsak til innkallinga.

§ 5.3 Innkallinga til landsmøtet skal styret senda ut skriftleg til einskidlaga, fylkesmållaga og Norsk Målungdom seinast tre månader før fyrste landsmøtedagen. Framlegg til sakliste og krav om å senda inn den landsmøteavgifta som styret har fastsett, skal sendast saman med innkallinga. Sakspapir, medrekna tilrådinga frå valnemnda, skal vera utsende minst ein månad før møtet. Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunngjevne framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan stryka saker frå saklista medvanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

§ 5.4. Utsendingar til landsmøtet skal som regel veljast på årsmøtet til laget. Årsmøtet kangje styret eller eit lagsmøte fullmakt til å velja utsendingar. Valet skal då kunngjerast i innkallinga til møtet. Utsendingane må vera medlemer i det lokallaget dei er valde somutsending for, jfr § 5.5.

§ 5.5. Einskildlaga med frå 10 til 50 betalande medlemer for førre kalenderår kan senda 1 utsending til landsmøtet, lag med frå 51 til 100 medlemer kan senda 2 utsendingar, og størrelag kan senda 1 utsending for kvart påbyrja 100 medlemer, opp til 10 utsendingar.

Fylkesmållag med opptil 300 medlemer kan senda 2 utsendingar. Større fylkesmållag kansenda 1 utsending for kvart påbyrja 300 medlemer, opp til 10 utsendingar. For Norsk Målungdom gjeld same reglane som for fylkesmållag.

§ 5.6 Røysterett på landsmøtet har styremedlemene i Noregs Mållag, utsendingar frå Norsk Målungdom, fylkesmållag og einskildlag som har sendt årsmelding og årspengar for siste året og betalt landsmøteavgift. Landsmøtet kan vedta at nyskipa lag som har betalt landsmøteavgift, skal ha ein utsending med røysterett. Kvar utsending har ei - 1 - røyst.

§ 5.7 Berre talerett på landsmøtet har utsendingar frå lag som ikkje har sendt årsmelding og årspengar for siste året.

VI STYRET MED ARBEIDSUTVAL OG ETTERSYN

§ 6.1. Noregs Mållag har eit styre på 7 medlemer og 4 varamedlemer, valde av landsmøtet. Alle vert valde for to år. 1 av styremedlemene med personlege varafolk vert vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3. Styret har øvste ansvaret for samskipnaden mellomandsmøta.

Dersom ein tillitsvald vald av landsmøtet i eit særskilt ombod ikkje kan stetta funksjonane han/ho er vald for, kan styret velja ein ny person i ombodet mellom dei landsmøtevalde.

§ 6.2 Styret kan ha eit arbeidsutval på 3 medlemer, leiar og nestleiar skal i så fall vera mellom desse. Styret fastset arbeidsføresegner for AU. Styret skal ha minst 6 møte i året.

§ 6.3 Styret er vedtaksført når minst 5 er til stades, av desse minst 3 styremedlemer.

§ 6.4 Styret kan setja ned arbeidsutval og råd for ymse arbeidsområde og tilsetja tenestefolk som det ikkje ligg til landsmøtet å velja. Styret skal fastsetja instruks for deitilsette.

§ 6.5 Noregs Mållag skal ha eit landsråd samansett av leiaren, nestleiarane, fylkesleiarane, leiaren i Norsk Målungdom, 1 representant for yrkesmållaga vald på fellesmøte mellom styra idei og 1 frå Norsk Målungdom vald på deira landsmøte. Nestleiarane i fylkesmållaga, Norsk Målungdom og 1 representant for yrkesmållaga er varafolk til landsrådet. Landsrådet skal vera eit drøftings- og planleggingsorgan for samskipnaden og eit rådgjevande organ for styret. Landsrådet skal normalt ha eitt møte i året.

§ 6.6 Ettersyn skal veljast på kvart landsmøte.

§ 6.7 Året før kvart stortingsval skal styret leggja fram ein arbeidsplan for å påverka dei politiske partia i valåret. Denne planen bør vera drøfta på rådleggingsmøte med utsendingar for fylkeslaga og Norsk Målungdom.

§ 6.8 I alle landsmøtevalde organ skal begge kjønn vera med. Har eit styre eller ei nemnd 5 medlemer eller fleire, skal begge kjønn vera representerte med minst 40 %.

VII VALNEMNDA

§ 7.1 Etter tilråding frå styret i Noregs Mållag vel kvart landsmøte ei valnemnd på 5 medlemer med 3 varamedlemer. Leiar for nemnda vert vald særskilt. Nemnda sit til neste landsmøte. Ein av medlemene med personlege varafolk skal vera vald av landsmøtet i Norsk Målungdom, jf § 3.3.

§ 7.2 I arbeidsbolken førebur valnemnda vala på landsmøtet. Nemnda oppmodar fylkesmållaga, einskidlaga og medlemene om å koma med framlegg til valet. Nemnda må haferdig tilrådinga seinast seks veker før landsmøtet.

VIII LAGSBRUK

§ 8.1 Dei fylkeslaga og einskildmållaga i Noregs Mållag som eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar kvart år eit tilskot -lagsbruksavgift - til organisasjonen. Tilskotet skal fastsetjast som del av omsetnaden. Nærarereglar er fastsette i "Føresegner for lagsbruk".

§ 8.2 Lagsbruk skal nytta nynorsk i verksemda si.

IX TRYGGING AV EIGA

§ 9.1. Lag som er med i Noregs Mållag må alltid disponera eiga i samsvar med laget sitt eigeføremål og det føremålet som gjeld for laget som medlem i Noregs Mållag.

§ 9.2. Ved nedlegging av eit lag, gjeld dei reglar laget sjølv har vedtektsfesta om dette, likevel slik at eiga alltid må disponerast i samsvar med føremålet slik det er fastsett etterdenne lova § 9.1.

§ 9.3. Dersom vedtektene til laget ikkje har reglar om nedlegging, men laget like fullt må reknast som nedlagt, skal Noregs Mållag ta vare på eiga til laget til dess det vert skipa eit nyttlag på same stad og/eller med same føremål. Dersom slikt lag ikkje er skipa innan 5 år frå Noregs Mållag tok over ansvaret for eiga, skal Noregs Mållag disponera eiga til beste for målarbeidet på staden det nedlagte laget verka og/eller i samsvar med føremålet til det nedlagte laget.

§ 9.4. Eit lag skal alltid reknast som nedlagt når laget ikkje har levert årsmelding innan denfastsette fristen dei tre siste åra.

§ 9.5. Dersom eit lag vert nedlagt i strid med dei reglar som gjeld for nedlegging av laget, eller skiftar føremål slik at laget ikkje lenger kan stå som medlem i Noregs Mållag, gjeld §

9.3. i denne lova tilsvarende. Det same gjeld dersom laget disponerer eiga i strid med § 9.1. Dersom eit lag vedtek å melda seg ut av Noregs Mållag med 2/3 fleirtal på to ordinære årsmøte etter kvarandre, gjeld ikkje § 9.3., så lenge laget ikkje skiftar føremål.

§ 9.6. Kostnadene Noregs Mållag har ved å ta hand om eiga til eit lag, skal dekkjast av eigadet vert teke hand om.

§ 9.7. Ankesaker med grunnlag i avgjerder under §§ 9.1 – 9.6 skal avgjerast med endelegverknad av landsmøtet i Noregs Mållag.

§ 9.8. Dersom Noregs Mållag blir lagt ned, skal alle aktiva Noregs Mållag rår over gå tilføremålet til organisasjonen.

X LOVBRIGDE

§ 10.1 Denne lova kan landsmøtet brigda med 2/3 fleirtal. Framlegg til brigde må kunngjerast minst 1 månad føreåt. Framlegga kan ikkje endrast på landsmøtet dersomendingane fører til at meiningsinnhaldet vert endra.

Trygge møteplassar i Noregs Mållag

Vedteke på det 100. landsmøtet i Noregs Mållag, 13.-15. april 2018 i Vinje.

Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Noregs Mållag skal vere ein trygg organisasjon. Norsk Målungdom deltek vanlegvis på tilskipingar i Mållaget, og vi har eit særleg ansvar for dei unge deltakarane. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre og møte kvarandre med respekt.

Mot seksuell trakassering

Det skal ikkje vere seksuell trakassering i Noregs Mållag. I likestillingslova vert seksuell trakassering definert som uønskt seksuell merksemd som er plagsam for den som merksemda rår. Det er altså korleis handlinga vert opplevd som avgjer om det er snakk om seksuell trakassering, ikkje intensjonen eller handlinga i seg sjølv.

Varsel om kritikkverdig åtferd

Det skal vere så enkelt som råd å varsle. Eit varsel kan innehalde mange typar bekymringar, alt frå underslag, grenseoverskridande åtferd, seksuell trakassering eller andre overgrep. Varsel skal meldast til næraste leiar i lokallaget eller fylkeslaget, og/eller til dagleg leiar i Noregs Mållag. Lagsleiar som tek mot varsel skal alltid varsle dagleg leiar så snart som råd.

Dersom du som leiar eller dagleg leiar tek imot eit varsel, har du ansvar for å undersøkje, så godt som råd er, innhaldet i varselet. Lagsleiar tek kontakt med dagleg leiar og saman vert de samde om kva som skal gjerast. Ut frå innhaldet i varselet tek dagleg leiar saka vidare. Det er viktig å ta omsyn til den svake parten i saka, i tillegg til å sørge for å få fram og avklare alle sider og syn frå dei involverte i varselet. Leiar og dagleg leiar skal få skulering i korleis ta i mot og undersøkje innhald i varsel.

Handsaminga av varselet skal så langt som råd skriftfestast. Uansett utfall av varselet skal dagleg leiar loggføre saka, slik at ho ligg i arkivet. Reaksjonsmåte må avgjerast ut frå kor alvorleg hendinga er. Det kan vere ein samtale der den aktuelle leiaren eller dagleg leiar gjer det klart kva som er akseptabel åtferd i Mållaget, og krav om å be om orsaking eller andre reparerande tiltak. Det kan vere informasjon om saka til aktuell valnemnd og tiltak som krev styrevedtak om utestenging frå fellesarena i organisasjonen som landsmøte og konferansar. Noregs Mållag har ikkje eksklusjonsparagraf. Hendingar som er i strid med norsk lov, vert melde til politiet.

Nokre konkrete tiltak i høve tilskipingar:

1. Ansvarleg leiing. På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere rusfrie ansvarlege personar knytte til leiinga og som har eit særleg ansvar for å følge opp unge medlemmer og medlemmer i Norsk Målungdom. Alle skal få informasjon om telefonnummer til desse ansvarlege.

2. Kjønnsdelte formøte. I høve større tilskipingar som landsmøte og konferansar skal sentrallækken jamleg leggje til rette for kjønnsdelte formøte både for kvinner og menn.

3. Rusfrie alternativ. Det sosiale fellesskapet er viktig i Mållaget. Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og å ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der ein kan kjøpa alkohol. Noregs Mållag betaler ikkje alkohol for tillitsvalde og tilsette.

Trengst det meir detaljerte reglar, eller er det tvil i enkeltsaker, vert det lagt fram for styret i Noregs Mållag til vedtak.

